# SPRÅKnytt

UTGITT AV NORSK SPRÅKRÅD
31. årgang 1–2/2003

# *Fra råd til senter*

De to regjeringene Bondevik er i ferd med å sikre seg en varig plass i norsk språkhistorie. For det første kunngjorde den første Bondevik-regjeringa at det var slutt på samnorskpolitikken i St. melding nr. 13, 1997-98, og i St. melding nr. 9, 2001-02, fra regjeringa Bondevik II ble det fastslått med rene ord at «tanken på ei slik samansmelting er ikkje lenger aktuell politikk og ikkje vidare tilnærming heller …» Seinere er også punkt b i lov om Norsk språkråd – den såkalte tilnærmingsparagrafen – blitt opphevet etter intiativ fra regjeringa. Og nå – i år 2003 – er det selve Språkrådet som står for fall. Det vil si: det nåværende Språkrådet, som har eksistert i godt og vel 30 år, skal erstattes av et nytt organ. Hvordan dette skal organiseres og hva det endelig skal hete, vet vi ikke noe sikkert om, men i utlysinga av direktørstillinga for det nye organet omtales det som et *kompetansesenter* for norsk språk.

Det kan være mange gode grunner til en omorganisering av det nåværende rådet – noe som også signaliseres i utlysinga av direktørstillinga. Blant annet er den språklige situasjonen ganske annerledes i Norge i dag enn den var for tretti år siden. Ikke minst er det slik pga. de mange innvandrerne som har gjort landet vårt mer flerkulturelt. Og mens en hittil har fokusert ganske ensidig på normeringa av de to norske skriftspråka, skal en i framtida i større grad arbeide med vern og styrking av norsk språk med tanke på det presset som små nasjonalspråk i dag er utsatt for.

Spenningen knytter seg nå til organiseringa av det nye organet og til de økonomiske rammene som er en forutsetning for at de nye oppgavene skal kunne gjennomføres. Og ikke minst knytter den seg til den rollen det nye organet er tiltenkt. I diskusjonen på årsmøtet i Språkrådet i februar var det mange som tok til orde for å bevare en representativ, demokratisk organisasjon. Og enten det nå blir hetende råd eller senter, er det viktig at det nye organet ikke reduseres til et byråkratisk forvaltningsorgan, men at det får muligheter til selv å framstå som et virkelig nytt kraftsentrum med en høy grad av autoritet i norsk språkpolitikk. Blir det nye organet et slikt sentrum, så har regjeringa gjort seg fortjent til en plass i den norske språkhistoria.



## INNHALD 1–2 / 2003


1 Ein språkleg fugl føniks?
4 Ei nynorsknorm som skal vara i tiår?
7 Forslag til ny bokmålsnorm
10 Sverige skaffar sig en språkpolitik
15 Nordisk språkråd – takk og farvel
18 Minoritetsspråk i Norge
23 «Bætsjeler», «bakelor» – eller B.A.?
25 Språkmannen Herbjørn Sørebø
27 Framtiden i våre hender
31 Det var noko til bok
34 Grøde frå språkteigen
36 Norsk språkpris til Frode Grytten
38 Nyord
39 Du spør – vi svarer

# Ein språkleg fugl føniks?

JAN OLAV FRETLAND

GJENNOM BEHANDLINGA av statsbudsjettet hausten 2002 har Stortinget gitt klarsignal til at departementet i 2003 kan begynna arbeidet med å omdanna Norsk språkråd til eit meir utoverretta kompetanseorgan for norsk språk. Det skal tilsetjast ein direktør, som frå tidleg på hausten skal leia arbeidet med å få fram ein «språkleg fugl føniks» av Norsk språkråd, som ein rådsmedlem uttrykte det på årsmøtet.

Rådet og styret i Språkrådet har drøft og teke initiativ til omorganisering sidan sist i 90-åra. Årsmøtet i 2002 vedtok å be departementet oppretta ein språkkommisjon som burde ha ei ramme på tre år for arbeidet sitt. Svenskane har gjort eit liknande arbeid, gjennom innstillinga *Mål i mun* frå ein svensk parlamentarikarkommisjon. Kommisjonen kjem mellom anna med framlegg om å gjera språk til eit eige politikkområde. (Frå 2001 er den statlege verksemda i Sverige inndelt i 47 *politikkområde*.) No har regjeringa her til lands bestemt at arbeidet med omdanninga skal gjerast annleis og ein god del fortare. Eit noko optimistisk signal er at det nye organet kan vera på plass alt i februar i neste år, når det noverande rådet skal gå av.

I statsbudsjettet er det streka under at det er tale om å skipa ein ny institusjon i staden for Norsk språkråd. Den nye institusjonen skal ha ein direktør som dagleg leiar, og det er lagt inn midlar på budsjettet for 2003 til å oppretta denne direktørstillinga. Samstundes seier departementet at dei tilsette i sekretariatet kjem til å få tilbod om arbeid i det nye organet. Departementet har ved fleire høve uttrykt klare mål for språkpolitikken framover: Særleg er det understreka at dei fremste språkpolitiske utfordringane ikkje lenger dreier seg om dei tradisjonelle rettskrivings- og normeringsspørsmåla, men meir om nødvendige tiltak for å verna og styrkja norsk språk.

Andre viktige mål:

- Norsk rettskriving skal stabiliserast, dvs. at ein, så langt råd er, skal unngå nye og hyppige endringar i gjeldande rettskriving, både meir omfattande reformer og årvisse justeringar i enkeltspørsmål.
- Stortinget har oppheva alt som minner om tilnærming mellom målformene, i lova om Norsk språkråd. Det er eit mål at både bokmål og nynorsk kan bestå på varig basis som sjølvstendige og markante variantar av norsk skriftspråk.
- Det formelle likeverdet og den formelle likestillinga mellom målformene i offentleg bruk må følgjast opp, i samsvar med veletablerte

prinsipp og fastsette regelverk. I tillegg vil staten på ulike måtar stimulera bruken av nynorsk. Eit døme på det er framlegget i mållovsmeldinga frå 2001 om å tilsetja eigne språkkonsulentar i statstenesta. Dette tiltaket er det likevel ikkje funne plass til i statsbudsjettet for 2003.

**Kva meiner Norsk språkråd?**
Styret i Norsk språkråd skreiv eit eige notat om omorganiseringa til rådsmøtet i februar. Rådet drøfte notatet og innspela frå departementet i ein grundig debatt. Dei fleste er einige om at det trengst ei endring, i samsvar med at språksituasjonen er endra. Men eit par åtvaringar går att, både i notatet frå styret og i debatten på møtet. For det første peikar mange på fordelane med den demokratiske modellen me har i dag i Språkrådet. 38 representantar, oppnemnde frå ei rad organisasjonar og etatar, sikrar brei representasjon for dei fleste språkinteresser. (Rådet har likevel peikt på at ein del grupper fell utanfor, som språklege minoritetar, næringslivet, store offentlege etatar mfl.) For det andre er me redde for at det blir oppretta eit byråkratisk, fargelaust forvaltningsorgan utan mynde til å utøva ein statleg språkpolitikk.

Notatet frå styret peikar ut nokre hovudmål for norsk språkpolitikk:

- *Det må vera eit politisk mål å halda på norsk, bokmål og nynorsk, som det fullverdige, samfunnsberande språket i Noreg.*
- *Prinsippet om full jamstelling mellom bokmål og nynorsk må gjelda framleis.*
- Formålsparagrafen til Norsk språkråd bør gjelda framleis: «*fremme toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som bruker norsk språk i dets forskjellige varianter, og verne om den enkelte borgers rettigheter når det gjelder bruken av språket*».I vår tid bør prinsippet utvidast til å gjelda alle språkbrukarar i Noreg og slik også femna om respekten for brukarar av andre språk i eit fleirkulturelt Noreg.

Språkrådet peikar òg på kva arbeidsområde me kan tenkja oss for det nye organet:

1 Allmennspråket, normering og utvikling – nynorsk og bokmål
2 Fagspråk / Terminologi – nynorsk og bokmål
3 Styrking og vern av norsk språk
4 Norsk språk og ikt
5 Namnesaker
6 Oppfølging og rapportering knytt til regelverk om språk (nynorsk / bokmål, minoritetsspråk osv.)
7 Språkgrupper i Noreg som treng særleg støtte
8 Nordisk og anna internasjonalt samarbeid
9 FoU-arbeid knytt til oppgåvene i rådet
10 Informasjon og rådgjeving knytt til dei samla oppgåvene våre
11 Administrasjon og leiing
12 Støttetenester

Styrenotatet legg òg fram to alternative modellar for eit framtidig språkorgan. I begge modellane styrer eit offentleg oppnemnt styre organet. I tillegg er det tenkt å oppretta fagråd for ulike delar av verksemda. I den eine modellen har me i tillegg gjort framlegg om eit eige rådgjevande organ med liknande oppnemning som rådet i dag. Denne

modellen, som me har skissert nedanfor, fekk klart størst tilslutning.

Årsmøtet gav ros til styret for arbeidet, sjølv om det var mange kommentarar og endringsframlegg. Fleire skulefolk peikte på at arbeidet i skulen må bli tydelegare og meir målretta i det nye organet, til dømes gjennom eit eige fagråd. Somme, særleg på riksmålssida, ønskte å tona ned språkpolitikken. Vidare vart det mellom anna peikt på at det munnlege språket, dialektar og normert tale, såg ut til å ha liten plass.

Styrenotatet saman med referatet frå rådsmøtet er sendt til departementet. Styret ønskjer at prosessen frametter blir mest mogleg open. Vidare organisering av den statlege språkpolitikken her i landet må ikkje bli ei intern departementssak. Me oppmodar alle til å følgja med på og gje innspel i diskusjonen frametter. Fugl føniks levde i 500 år, brann opp, og stod opp att friskare enn før. Slik bør det gå med Språkrådet òg!



# Ei nynorsknorm som skal vara i tiår?

EILOV RUNNESTØ

NYNORSKSEKSJONEN i Språkrådet har dei siste åra arbeidd med å revidera nynorsknorma. Arbeidet er snart til endes, og tanken er at den rettskrivinga ein no kjem fram til, i det store og heile bør bli ståande i fleire tiår. Men først må Kultur- og kyrkjedepartementet behandla og godkjenna det Språkrådet har gått inn for.

## Færre hovudformer og fleire sideformer

I åra 1997–2000 gjekk fagnemnda i Norsk språkråd grundig gjennom nynorskrettskrivinga og la eit framlegg til ny normal fram på rådsmøtet i 2000. Normeringsarbeidet var tufta på prinsipp vedtekne i 1997. Eitt av prinsippa var at nynorsknorma skal ha ein trong læreboknormal, men ei rettskriving med stor valfridom (det vil seia mange sideformer eller klammeformer). Etter nokre justeringar vedtok Språkrådet dette framlegget (heretter kalla 2000-vedtaket), og det innebar at ei mengd tidlegare jamstilte hovudformer fekk status som sideformer, medan sjølve hovudnorma (læreboknormalen) skrumpa ein del inn.

## Slutt på to normnivå?

Kulturdepartementet godkjende ikkje dette vedtaket, men bad i brev av 5.12.00 Språkrådet greia ut om skiljet mellom læreboknormalen og den vide rettskrivinga kunne takast bort i nynorsk og eventuelt korleis. Vidare bad departementet Språkrådet vurdera korleis ein kunne løysa spørsmål knytte til ei norm med eventuelt berre eitt nivå.

Bokmålsseksjonen hadde same året vedteke å fjerna skiljet mellom lærebokformer (hovudformer) og side- eller klammeformer. Denne todelinga kom inn i landsmål og riksmål allereie i 1917. Ordlistene for begge målformene har sidan den tid markert skiljet mellom dei to nivåa i norma ved å setja sideformene i klammer. Klammeformene kunne nyttast av alle som ikkje skreiv for det offentlege, mellom anna skuleelevar. Læreboknormalen utgjer hovudformene i den offisielle rettskrivinga, og skal brukast i lærebøker for skuleverket og av folk i statstenesta.

## Seksjonsmøte mot klammer

Styret i Språkrådet oppnemnde våren 2001 ei arbeidsgruppe og ei referansegruppe til å førebu saka, og det første drøftingsutkastet vart lagt fram på rådsmøtet i februar 2002. I mai same året møttest nynorskmedlemmene att, og då gjekk fleirtalet i seksjonen inn for å ta bort klammesystemet i nynorsk. Jamstilling mellom tidlegare

hovud- og sideformer ville gje ei rettskriving med svært mange jamstilte valfrie former, og seksjonen ynskte å stramma ho noko inn. På grunnlag av to forslag frå referansegruppa arbeidde seksjonen ut eitt framlegg som opna for stor valfridom i rettskrivinga, og eit anna framlegg med færre valfrie former. Framlegget til vidast norm vart vedteke med 10 mot 8 røyster.

**Utgreiing om nynorskrettskrivinga**

Arbeidsgruppa og referansegruppa fekk på møtet i mai 2002 i oppdrag å greia ut detaljane i det fleirtalsvedtaket som var gjort. Gruppene laga frametter sommaren og hausten 2002 ei omfattande utgreiing som både tok opp generelle og prinsipielle normeringsspørsmål, men òg drøfta grundig dei språkkategoriane innanfor lydverk, formverk og einskildord som skulle halda på valfridomen, etter dei retningslinjene fleirtalet i seksjonen hadde gått inn for. Dei formene som seksjonen hadde vedteke å ta ut av nynorskrettskrivinga, vart behandla i eit kapittel for seg. I eit eige vedlegg kom eit revidert motframlegg frå mindretalet i nynorskseksjonen.

**Høyring om rettskrivinga**

I slutten av oktober 2002 sende Språkrådet *Nynorskrettskrivinga. Utgreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk* ut på høyring. Det var eit stort dokument, og ein kortversjon av framlegga var gjeven att i eit særskilt kapittel. Mottakarar var dei instansane som nemner opp medlemmer til nynorskseksjonen i Språkrådet, norskseksjonar ved universitet og høgskular, målpolitiske organisasjonar og andre interesserte. Høyringsnotatet låg òg ute på nettsidene til Språkrådet.

Det kom inn 45 fråsegner om utgreiinga. Målorganisasjonane var sterkt representerte, likeins universiteta og høgskulane. Nær ti einskildpersonar uttala seg. Éi viktig sendargruppe mangla: grunnskulen og norsklærarane. – Somme av høyringsfråsegnene uttala seg svært generelt om framlegga, andre hadde omfattande endringsframlegg til detaljane i fleirtals- eller mindretalsframlegget. Det kom både grunngjevne framlegg om ei trongare norm enn det mindretalet i Språkrådet hadde gått inn for, og underbygde ynske om større formrikdom enn i det forslaget som gjekk vidast. Somme høyringsorgan sende inn delte fråsegner. Ein del fråsegner kom med grundige faglege merknader, og til dels kom det fram ny og relevant kunnskap.

Hovudstandpunkta i fråsegnene kunne ein dela i fire: Eit klårt fleirtal avviste framlegget frå fleirtalet i Språkrådet og ville halda på ei norm med hierarki (skilje mellom dei to rettskrivingsnivåa). Dei andre fråsegnene samla seg anten om fleirtals- eller om mindretalsframlegget, og den siste gruppa avviste framlegget utan å ta klår stilling til korleis norma burde vera, og kva ho skulle innehalda.

**Rådsmøtet 2003**

**a) Hovudvedtak: framleis to nivå i nynorsk**

På dette møtet var 14 av dei 19 nynorskmedlemmene til stades. Seksjonen vedtok dette framlegget samrøystes:

*Nynorskseksjonen i Norsk språkråd viser til dei innkomne høyringsfråsegnene og rår ut frå dei til at den nynorske rettskrivinga framleis skal vera samansett av ei hovudnorm, kalla hovudnormalen, og tillatne sideformer.*

Dermed var det avgjort at nynorskrettskrivinga framleis skal halda på ei gradert normering, og at den tidlegare læreboknormalen heretter skal kallast hovudnormalen.

Deretter gjorde seksjonen dette samrøystes vedtaket på rådsmøtet i 2003:

*Nynorskseksjonen legg 2000-vedtaket til grunn for rettskrivinga i nynorsk.*

Det vart likevel gjort nokre justeringar i 2000-vedtaket.

**b) Utvida funksjonsområdet for hovudnormalen?**

På seksjonsmøtet 14.2.03 drøfta seksjonen om det er grunnlag for å utvida bruksområdet for hovudnormalen sidan nynorsken no blir åleine om eit rettskrivingssystem med skilje mellom hovudformer og sideformer. Etter noko debatt gjekk seksjonen samrøystes inn for å senda dette vedtaket til styret i Språkrådet:

*Nynorskseksjonen ber styret få vurdert om den noverande funksjonsfordelinga mellom hovudnormalen og sideformene er tenleg i ein situasjon der nynorsken er åleine om dette systemet.*

Dette er òg i samsvar med ei formulering som det vart vedteke å ta inn i den grunngjevinga for normsystemet i nynorsk som skal sendast over til Kultur- og kyrkjedepartementet:

*Det er ynskjeleg at det i tida framover blir sett i gang prosjekt med ulike undervisningsopplegg der ein prøver ut og jamfører opplæring avgrensa til hovudnormalen og opplæring som tek omsyn til valfridomen i rettskrivinga. Slike og andre forsøk kan gje oss betre kunnskap om gode læringsvilkår, og dei vil gje grunnlag for å diskutera kva rolle skriftnormer kan og bør spela.*

**Revidert nynorsknorm – når?**

Det er viktig for nynorskbrukarane å vita kva tidspunkt den reviderte rettskrivinga skal gjelda frå. Det er uklårt enno når det blir. Vedtaka frå 2003 med grunngjeving skal sendast til Kultur- og kyrkjedepartementet. Dei skal behandlast der, og departementet kan avvisa eller godkjenna dei. Det er nokså sannsynleg at me er komne godt inn i 2004 før den nye rettskrivinga kan takast i bruk.

# Forslag til ny bokmålsnorm

VIGLEIK LEIRA

DERSOM Kultur- og kirkedepartementet godkjenner vedtaka fra møtet i Språkrådet 13.–14. februar i år, sluttføres det arbeidet som i språkhistorien trolig kommer til å bli hetende 2003-reformen. Dermed får vi et årstall mer eller mindre på linje med 1907, 1917, 1938, 1959 og 1981. Årstalla 1907 og 1981 gjelder bare bokmål, de andre begge målformene. Her kommer ei lita oppsummering av 2003-normen.

## Ut med sideformsystemet

Den viktigste generelle endringa er at systemet med hovedformer og sideformer faller bort. Før var der et sett med former, *hovedformene*, som *måtte* brukes i statsadministrasjonen og i godkjenningspliktige lærebøker i grunnskolen og den videregående skolen. I tillegg til hovedformene kom et annet sett med likeverdige former, *sideformene*. Hovedformer + sideformer utgjorde den samla rettskrivinga, der folk kunne velge fritt mellom ordformene. I praksis var det nok stort sett hovedformene som blei brukt. Nå blir der bare ett sett med former. Der der er alternativer, f.eks. *brøt* el. *brøyt* (ny valgfrihet), *ga* el. *gav* (ny), *mjølk* el. *melk* (gammel) er begge formene heilt jamstilte i utgangspunktet og åpne for bruk av alle.

*Gamle sideformer som tas ut av rettskrivinga*

Mange av sideformene som nå tas ut, var samformer med nynorsk. Noen eksempler: preposisjonen *frå*, adjektivet *raud*, substantiv som *flaum, haust, kvefs, lauk, måndag, nase, naud,* videre ei rekke fortidsformer av verb som *brann, fann, fekk, gjekk, låg, small, spann, svann, såg, vann.*

I ord av typen *lærer* faller ubestemt flertall på *-erer* ut. Nå kan det bare skrives *lærere,* ikke *lærerer.*

*Gamle sideformer som blir stående i rettskrivinga*

Det gamle systemet hadde valgfrihet mellom *-a* og *-en* i bestemt form entall i de fleste hunkjønnsorda, f.eks. *dronninga* el. *dronningen.* Mot slike ord stod et antall på noe over 900 ord (mange lite kjent og lite brukt, f.eks. *bune* 'beinpipe') der bestemt form på *-en* var sideform, f.eks. *bryggen, budeien.* Nå blir systemet valgfritt *-a* el. *-en* over heile linja, dvs. at i den offisielle bokmålsrettskrivinga har eksempelvis *bikkjen, hønen, jenten, kuen, øyen* samme status som *bikkja, høna, jenta, kua, øya.*

I intetkjønn var der fra før full jamstilling mellom *-a* og *-ene* i bestemt form flertall i nesten alle orda. De få gjenstående orda med *-ene* som tidligere sideform får nå den samme valg-

friheten *-a/-ene* som de øvrige. Det gjelder disse orda: *barna/barnene, beista/beistene, (av)hola/(av)holene, kola/kolene, krøttera/krøtterne, nauta/nautene, segla/seglene.*

Av sideformer som beholdes i enkeltord, er det verdt å merke seg fortidsformene *ba, ga, dro, sto.* De blir jamstilt med de tidligere hovedformene med konsonantutgang: *bad, gav, drog, stod.* Ellers kan det nevnes at *røk, røke* blir jamstilt med *røyk, røyke,* og *skau* blir jamstilt med *skog.* Ordelementet *-tag-* blir jamstilt med *-tak-,* f.eks. i orda *mottager/mottaker* og *mottagelse/mottakelse,* der formene med *-g-* tidligere var sideformer.

*Ordformene 'bisle, bissel'*

De to tidligere sideformene *bisle* (v.) og *bissel* (s.) er nå gjort til eneformer. De tidligere hovedformene *beksle* og *beksel* er tatt ut av rettskrivinga.

## Uttak av tidligere former – inntak av nye former

*Uttak av lite brukte former*

Ei av retningslinjene i arbeidet med bokmålsnormen har vært å redusere valgfriheten i rettskrivinga og å ta ut former som har vært lite brukt i skrift. Det har bl.a. ramma mange ord der bokmål har hatt dobbeltformer, ei rein bokmålsform og ei samform med nynorsk. Av samformer som nå er tatt ut, kan nevnes (de gjenstående formene er gitt i parentes): *glas* (glass), *grøn* (grønn), *tal* (tall); *famn* (favn), *hamn* (havn), *omn* (ovn); *alboge* (albue), *bjølle* (bjelle), *blekk* (blikk), *eld* (ild), *ikorn* (ekorn), *merg* (marg), *tynne* (tønne), *veke* (uke).

*Sterke verb*

Mange sterke bokmålsverb med *y*-vokalisme i infinitiven (*byde, flyte, fryse* osv.) har hatt valgfrihet i preteritum (fortid) mellom *ø* og *au*. Nå er *au*-formene (de var samformer med nynorsk) tatt ut og erstatta med former på *øy*. Endringa kan stilles opp slik: *brøt/braut* > *brøt/brøyt, krøp/kraup* > *krøp/krøyp, skjøt/skaut* > *skjøt/skøyt.*

Grunngiinga for denne endringa er at formene med *øy* har solid talemålsgrunnlag i store deler av befolkningen, særlig i byene, og at de dessuten brukes en god del i skrift, trass i at de til nå har vært utafor rettskrivinga. Formene med *au* har på sin side vært lite brukt.

*Svake verb*

Svake verb er verb som i preteritum ender på *-a, -de, -et, -te.* Hvordan disse endingene fordeles på de enkelte verba, er et av de mest innfløkte kapitla i bokmålsgrammatikken. Det gjelder særlig forholdet mellom *-a* og *-et*. Med *St.meld. nr. 100 (1980-81)* om bokmålsrettskrivinga blei dette normeringsprinsippet knesatt: «Preteritum (fortid) på *-a* og *-et* skal være mulig jamstilt når én av disse formene på forhånd er tillatt.»

I samband med drøftinger om å ta inn *et*-former som tidligere har vært utafor rettskrivinga, blei dette prinsippet diskutert både i fagnemnda og deretter på rådsmøtet. Der blei reist spørsmål om det er språkvitenskapelig holdbart, og om hvilken praktisk nytte det eventuelt har.

Resultatet blei dette rådsmøtevedtaket: «Verb som har *-et*-bøying, vil normalt også ha bøying med *-a. A*-for-

mer som åpenbart ikke har støtte i skriftspråket, skal ikke ordlisteføres.» I samsvar med dette vedtaket er der en del verb som nå får *-et* i tillegg til tidligere endinger, eksempelvis *bygget, bygget* vsa. *bygde, bygd* og *krevet, krevet* vsa. *krevde, krevd*. Videre er der noen verb som får både *-a* og *-et* i tillegg, eksempelvis nå *mosa/moset/moste* mot før bare *moste* og *røyka/røyket/røykte* mot før bare *røykte*.

*Tallord*

Både før og etter rådsmøtet var vedtaket om tallordformene *syv, tyve, tredve* gjenstand for stor oppmerksomhet i mediene. Vedtaket gjengis her fullt ut:

> «*sju* el. *syv* (før: sju)
> *tjue* el. *tyve* (før: tjue)
> *tretti* el. *tredve* (før: tretti)
> Godkjenninga av dei tre usamansette formene *syv, tyve, tredve* gjev inga endring i gjeldande teljemåte (der tiarane kjem føre einarane, t.d. *femtito*). Kva for samansetjingar og avleiingar formene *syv, tyve* og *tredve* kan nyttast i, er ikkje normert gjennom vedtaket, men overlate til språkkjensla hos språkbrukarane (døme: *førtisyv*, et *tyvetall, syvende, tyvende, tredevte*).»

*Enkeltord*

Blant endringer som gjelder ofte brukte ord, kan en merke seg at det nå kan skrives *hverken* el. *verken* (før: verken), *fler* el. *flere* (før: flere), *mer* el. *mere* (før: mer).

**Større eller mindre valgfrihet i den nye normen?**

Det har vært et ankepunkt mot bokmålsrettskrivinga at der har vært for mange valgfrie former, slik at språkbrukerne ikke har hatt en fast norm å holde seg til. Endringene fra den gamle til den nye normen har gått i begge retninger, dels har der vært uttak av former, dels har der vært inntak.

Endringene uttrykker dermed ikke en entydig tendens for heile ordtilfanget. Derimot fordeler de seg på to klart atskilte områder. Uttaka av former gjelder stort sett ordplanet. En har ikke lenger så mange *ordvarianter* å velge mellom, f.eks. er *gymnas/gymnasium* og *døger/døgn* redusert til henholdsvis *gymnas* og *døgn*.

Inntaka av former gjelder for det meste bøyingsverket. Endinga *-en* i bestemt form entall i hunkjønnsorda er oppgradert til jamstilt status over heile linja. I svake verb er der inntak av *-et* i noen tilfeller og av både *-et* og *-a* i andre. På den andre sida er fjerninga av sideforma på *-er* i ubestemt flertall i den produktive ordtypen *baker, jogger, roer* osv. (nomina agentis) bare én regel, men den gjelder svært mange ord.

# Sverige skaffar sig en språkpolitik

OLLE JOSEPHSON

I SVERIGE HAR SPRÅK INTE varit en politisk fråga. Det är kanske den viktigaste skillnaden mellan svensk och norsk språkhistoria under 1900-talet. Svenskar är förvisso inte ointresserade av språkfrågor. De gillar att diskutera sociala och regionala skillnader i språkbruk, de anser att det är viktigt med ett vårdat och begripligt språk i offentliga sammanhang, och de kan diskutera hur invandrare på bästa sätt ska lära sig svenska. Men detta betraktas inte som politik. I den mån svenskar känner till språkstriderna i Norge under de senaste 150 åren, ses de med förundran.

Men det var 1900-talet; 2000-talet tycks bli något annat. Tecken har naturligtvis inte saknats tidigare, exempelvis det tidiga 90-talets debatt om så kallad hemspråksundervisning eller den svenska riksdagens beslut 2000 om fem svenska minoritetsspråk (samiska, finska, tornedalsfinska, jiddisch och romani). Men två händelser 2002 placerade mer slutgiltigt språkfrågorna på den politiska dagordningen.

Viktigast på kort sikt var kanske det förslag som det liberala folkpartiet lade fram i samband med valrörelsen i september: invandrare som vill bli svenska medborgare måste genomgå ett test i svenska. Nästan ingen enskild fråga kom att diskuteras så mycket i valrörelsen, och förslaget bidrog säkert till en överraskande valframgång för folkpartiet. Under vintern 2003 har det åter förts fram, men det är föga troligt att det kommer att förverkligas. Inget annat riksdagsparti ger förslaget sitt aktiva stöd. Från språkvetare, språkvårdare och invandrarlärare har kritiken varit stark. Man menar att det inte skulle förbättra invandrarnas svenskkunskaper. Inget tyder på att invandrare som i dag siktar på medborgarskap inte skulle vilja lära sig svenska utan behöver tvingas till det. Avgörande för svenskkunskaperna är god svenskundervisning och nära kontakt med det svenska samhället. De många länder som har ett språkkrav för nya medborgare kan inte visa att det har någon verklig betydelse för språkkunskaperna. Men oavsett hur det går med folkpartiförslaget visade valrörelsen ändå att språkfrågor kan vara politiskt brännbara.

### Mål i mun

På längre sikt är det betydligt viktigare med den omfattande parlamentariska utredning, *Mål i mun* (SOU 2002:27), som lade fram sitt 600 sidor tjocka slutbetänkande i april förra året. Ska man sammanfatta utredningen mycket kort kan några huvudpunkter lyftas fram. Särskild lagstiftning ska reglera svenskans ställning som huvudspråk.

Språkfrågorna ska lyftas upp som ett särskilt politikområde inom statsförvaltningen. Tre mål för språkpolitiken föreslås: svenskan ska fortsätta att fungera som ett komplett och samhällsbärande språk i Sverige, den offentliga svenskan ska vara korrekt och välfungerade, och varje medborgare har rätt till språk: modersmål (oavsett vilket av de 200 som finns i Sverige), svenskan och främmande språk. En mängd förslag på olika områden som skola, arbetsliv eller varuhandel ska möjliggöra denna politik. I flertalet fall handlar det om regler och förordningar som garanterar att svenskan ska kunna användas, kanske inte alltid som dominerande språk men alltid som ett tänkbart språk.

Av dessa olika delåtgärder är på ett allmänt plan kanske viktigast att man vill inrätta en ny myndighet, Sveriges språkråd. Språkrådet ska följa hur språksituationen utvecklas i Sverige, inte bara för svenskan, och göra vad det kan för att omsätta politiken i praktiskt arbete. Sverige har tidigare inte haft någon språkvårdande myndighet; Svenska språknämnden är formellt sett en förening som får statsstöd och står under viss statlig kontroll. Enligt utredningens förslag skulle den nya myndigheten överta Språknämndens nuvarande uppgifter, men därtill åta sig åtskilliga andra, t.ex. övervaka att minoritetsspråkstalares rättigheter tillgodoses, att eventuell språklagstiftning efterlevs eller att den språkteknologiska forskningen förmår att förse Sverige med avancerade översättnings- och språkstödsprogram.

De omedelbara reaktionerna på utredningen var i stort sett positiva. I den mån det sattes frågetecken kan de sägas bero på myndighetsskräck och stark tilltro till engelskan. I liberala Expressen, den näst största kvällstidningen, sammanfattade en ledarskribent den hållningen ganska väl: «Svenskarna sköter språkvården utmärkt på egen hand. Värnet av svenskan behöver inte förstatligas via lagar och myndigheter. Dessutom finns det all anledning att välkomna och förstärka öppenheten för engelskan.»

**Positiva remissvar**

Invändningar av detta slag beror nog i huvudsak på missförstånd. Svenskarnas makt över sitt eget språkbruk minskar inte därför en statlig myndighet åtar sig vissa språkvårdsuppgifter. Man kommer inte att en lagstifta om kommatering eller böjningsformer – en i svensk spårkvårdstradition helt orimlig tanke. Svenska Akademien fortsätter att ge ut sin ordlista och är därmed i praktiken den instans som har det starkaste inflytandet över stavningsnormen.

Självfallet bör vi också välkomna engelskan; vi kan inte så mycket engelska som vi tror, framför allt inte i professionella sammanhang. Det kräver planering och eftertanke att se till att engelskan utvecklas parallellt med – inte i stället för – svenskan inom många samhällsområden. I dag finns inte kunskaperna samlade och systematiserade om hur det kan ske. Därmed är det också svårt att sprida dem. Här skulle den nya språkvårdsmyndigheten kunna ha en av sina viktigaste uppgifter.

Alla statliga utredningar i Sverige sänds ut på remiss. Närmare 150 olika myndigheter, institutioner och organisationer remissbehandlade *Mål i mun* fram till hösten 2002. Remissinstan-

serna, som hade längre tid på sig att läsa utredningen än dagstidningskrönikörerna, har i huvudsak varit positiva. Nästan ingen tillvitar utredningen anglofobi eller reglerande språkriktighetsnit. Man är nästan alltid sympatiskt inställd till intentionerna att göra Sverige till ett mångspråkigt land med svenska som huvudspråk.

Mestadels instämmer remissinstanserna också i de viktigaste förslagen. Nästan ingen vänder sig mot de allmänna språkpolitiska målen eller tanken att språkfrågor skulle bli ett särskilt politikområde. Språklagstiftningen möter någon gång invändningar. Dels anser en del instanser inom rättsväsendet att det är olämpligt med lagar som – i likhet med den föreslagna lagen om svenska som huvudspråk – bara ger allmänna riktlinjer utan möjligheter till sanktioner och straffpåföljd. Det är dock en ovanlig synpunkt som endast återfinns i fyra, fem remissvar. Lite vanligare är att man önskar en språklag, men vill att den inte bara behandlar svenskan. I så att säga samma paragraf vill man fastställa invandrar- och minoritetsspråkens rättigheter. Också tanken på en särskild språkmyndighet tas väl emot, även om här finns något fler tveksamma röster. Några remissinstanser anser att svensk språkvård fungerar så väl i dag, att organisatoriska förändringar är onödiga. Sådana instanser som håller i statsfinanserna, t.ex. Ekonomistyrningsverket eller Riksrevisionsverket, undrar om Sverige har råd: de samlade statsanslaget till språkvård är i dag ca 9 miljoner kronor (de går framför allt till Svenska språknämnden, Sverigefinska språknämnden och Terminologicentrum), och ett Sveriges språkråd skulle kosta minst det tredubbla.

Ser man till *Mål i muns* mer specifika förslag är de närmast berörda oftast positiva, eller åtminstone förstående, i sina remissvar. Universitet och högskolor finner det angeläget att utveckla en parallellspråkig kompetens i både engelska och svenska bland studenter, lärare och forskare. Av det aningslösa fältropet «ju mer engelska, desto bättre», som tidvis hörts från universiteten och Högskoleverket, syns mycket lite i remissvaren. Exempelvis protesterar ingen på allvar mot kravet på att alla doktorsavhandlingar som skrivs på engelska eller annat främmande språk ska ha svenskspråkig sammanfattning.

Av de stora arbetsmarknadsorganisationerna har endast LO och arbetsgivarorganisationen Svenskt Näringsliv lämnat in remissvar. LO trycker särskilt på att undervisningen i svenska som främmande språk måste förbättras och framhåller att det är viktigt att engelskan inte slår ut svenskan på arbetsplatserna när allt fler företag övergår till svenska som koncernspråk. Svenskt Näringsliv är för en gångs skull enigt med LO.

För ungdomsskolan har *Mål i mun* bland annat föreslagit ökade satsningar både på svenska som andraspråk och på andra modersmål än svenska. Vidare vill man att svenska ska läsas alla terminer i skolan. Ett gymnasium eller vidaregående skola ska inte som i dag kunna samla all svenskundervisning till de första åren. Ämnesundervisning på engelska, som i dag förekommer bland 3-4 procent av alla Sveriges gymnasister, ska begränsas; den bör alltid utvärderas och får inte inrättas hur som helst.

Lärarnas fackliga organisationer har i allt väsentligt instämt i dessa förslag. Det svenska Skolverket, däremot, går visserligen på utredningens linje i fråga om undervisningen i svenska som andraspråk, men avvisar alla andra förslag för att stärka svenskans ställning i skolan. Skälen är två. Dels bör enskilda skolor ha stor frihet vad gäller till exempel timfördelning och undervisningsformer. Dels bör svenskan egentligen inte ges en särställning. Skolverket skriver: «En modern syn på språk måste enligt Skolverket bygga på att alla språk är lika viktiga. Detta tillsammans med ett individperspektiv, där de egna förutsättningarna för utveckling och lärande blir styrande för utbildningens innehåll och inriktning.»

**Tre positioner**

Skolverkets remissvar är intressant därför att det står för ett synsätt som finns också på annat håll i språkdebatten. Och det är ju till sist den allmänna opinionen och den offentliga debatten som avgör om en ny svensk språkpolitik ska tränga igenom på allvar – mer än alla lagar, politikområden och myndigheter.

Förenklat kan man urskilja tre positioner. Den första intas av dem som spontant känner sig tilltalade av förslag som folkpartiets. Bor man i Sverige måste man kunna svenska. Punkt, slut. Invandrar- och minoritetsspråk har man inget emot, men i grunden ses de som tämligen onödiga språk som det svenska samhället kan både ha och mista.

Den andra positionen innebär att man med hänvisning till mångspråkighet och globalisering jämställer alla språk i Sverige. Inte bara Skolverket gör så. I debatten om folkpartiets förslag skrev en debattör, historikern Lennart Lundmark, i Dagens Nyheter: «Det går alldeles utmärkt att ordna så att minoriteter kan utöva sin medborgerliga rätt och fullgöra sina medborgerliga skyldigheter utan att de talar majoritetsspråket. Naturligtvis kan de inte komma i fråga för vissa arbetsuppgifter, men på en arbetsmarknad som är mindre inskränkt än den svenska är inte språkfrågan avgörande.» I en artikel i Språkvård 1/03 (Svenska språknämndens tidskrift) diskuterar språkvetarna Sally Boyd och Leena Huss *Mål i mun* ur ett minoritetsspråksperspektiv. De kommer nära Lundmarks ståndpunkt när de bland annat oroar sig för att lagar som syftar till att svenskan ska kunna användas i alla domäner skulle kunna innebära att minoritetsspråken trängs undan: «Ska t.ex. en kommunal tjänsteman i Kiruna kunna åberopa denna rätt när hon kommunicerar med en kund som föredrar att tala samiska?».

Den tredje positionen är *Mål i muns*: alla medborgare har rätt till språk, både modersmålet och det svenska majoritetsspråket. Svenskan har en särställning därigenom att den som ska hävda sig i det svenska samhället måste kunna språket bra. «Att alla ska ha kunskaper i svenska blir ett led i arbetet för demokrati», som *Mål i muns* huvudsekreterare, Björn Melander, skriver i ett svar till Boyd och Huss i Språkvård 1/03. En sådan särställning behöver inte innebära försämrad ställning för minoritets- och invandrarspråk. Hotet mot svenskan kommer ju på intet sätt från det hållet. Nej, det är engelskan som hotar att tränga ut svenskan inom en del centrala högprestigeområden. Varje rimlig

läsning av Mål i muns förslag gör också klart att engelskan är det enda språk som viss mån kan se sig attackerat av utredningsförslagen, menar Björn Melander. Han antyder till och med att utredningen nästan överskred sina direktiv när den på flera ställen gav uttryck för att alla modersmål i Sverige, vilka de än är, måste få stöd.

Vilken av dessa tre linjer som kommer att bli den dominerande i svensk språkpolitik vet vi inte. Remissvaren på Mål i mun har alltså lämnats in, och för närvarande arbetar Kulturdepartementet med en så kallad proposition utifrån utredningsbetänkande och remissvar. Vad som står i den får vi veta vintern 2004, då den läggs fram i den svenska riksdagen. De beslut som riksdagen då fattar kan sedan sättas i verket 2005.

Men som sagt: riksdag och regering skapar aldrig ensamma ett nytt språkklimat. Avgörande är språkanvändningen i den svenska vardagen och de attityder till språk som växer fram. Debatten under det närmaste året kan därför bli mycket viktig.

# Rekordstor språkkonkurranse

I dagene fra 10. mars til 1. april arbeidet nærmere 27 000 elever fra ca. 260 skoler rundt om i landet med engelske og norske tekster og med engelske og norske ord. Elevene deltok i Norvengelsk-aksjonen, en konkurranse i regi av Foreningen !les i samarbeid med Norsk Oversetterforening, Læringssenteret og Norsk språkråd. Målet med aksjonen var at elevene skulle få økt bevissthet om at vi uttrykker oss forskjellig på engelsk og norsk.

Elevene fikk to ulike utfordringer. I et teksthefte laget for aksjonen var det tre forskjellige norske oversettelser av to engelske tekster, en sakprosatekst og en skjønnlitterær tekst. Elevene skulle vurdere hvilken oversettelse som var best. Sakprosateksten var et intervju med J.K. Rowling, kvinnen bak Harry Potter, og den litterære teksten var et utdrag fra en nyere ungdomsroman av Malorie Blackman, *Noughts and Crosses*.

Det ble bokpremier til 19 klasser rundt om i landet. De premierte klassene leverte godt begrunnede vurderinger av oversettelsene med konkrete eksempler på det de vurderte som gode og mindre gode oversettelser. Videre var de opptatt av lesbarheten i de ulike oversettelsene, og en del klasser leverte også svært godt begrunnete estetiske vurderinger av stil og ordvalg. De premierte elevvurderingen kan leses på nettsidene til tekstaksjonen, http://www.txt.no/norvengelsk/vinnerbegrunnelser.htm.

I den andre delen av konkurransen fikk elevene smake på oversettelseskunsten. Dette var en individuell konkurranse. Riktignok var teksten «Klubbing», som var spesialskrevet for aksjonen av Jon Bing, en «norsk tekst», men den var spekket med engelske ord og uttrykk. Elevene skulle bytte ut de engelske uttrykkene med sine egne norske.

En jury bestående av Jon Bing, lektor Kari Haave fra Språkrådet og oversetterne Eve-Marie Lund og Cecilie Winger kåret vinnertekstene. Juryen fikk inn over 1000 varianter av teksten, med

Til side 40

# Nordisk språkråd – takk og farvel

OLA HAUGEN

**ETTER SJU ÅRS VIRKSOMHET** blir Nordisk språkråd nedlagt ved utgangen av året, og aktivitetene skal integreres i et nytt organ, Nordplus Språk, under Nordisk ministerråd sammen med virksomheten til to andre nordiske programmer på språkområdet, Nordmål og Nordkurs. Funksjonene til Ministerrådets språkpolitiske referansegruppe skal også overføres til Nordplus Språk. Nordisk språkråd har selv i en anbefaling fra august i fjor tatt initiativet til at Ministerrådets språklige programmer og aktiviteter (med unntak av Nordens institutt i Finland) burde samordnes i én organisasjon for å unngå uklarhet og oppsplitting av ansvarsforholdet innenfor Ministerrådets språkpolitiske satsing og for å skape synergier.

Nordisk språkråd ble etablert 22.2.1997 av språknemndene i de nordiske landene for å være et organ for samarbeid dem imellom i spørsmål som ligger innenfor de enkelte nemndenes virksomhetsområde. Et særskilt formål var å fremme internordisk språkforståelse og å gjøre det enklere å bruke nordiske språk i og utenfor Norden, for eksempel i det europeiske samarbeidet. Alle språkene som hører hjemme i Norden, er representert gjennom sine språknemnder: dansk, finsk, færøysk, grønlandsk, islandsk, norsk, samisk og svensk, dessuten også svensk i Finland og finsk i Sverige. Bakgrunnen for etableringen var Nordisk ministerråds beslutning om å legge ned Nordisk språksekretariat i 1996 etter 18 års drift, basert på en analyse av denne og andre nordiske virksomheters «nordiske nytte». Språknemndene mente derimot at virksomheten var svært nyttig både på nasjonalt og nordisk nivå. De mistet ved nedleggelsen et viktig samarbeidsorgan, og sentrale fellesnordiske oppgaver og tiltak på språkområdet mistet en felles koordinerende kraft. Språknemndene opplevde dette som et vesentlig og uakseptabelt tap, og Nordisk språkråd ble etablert for å fylle en del av tomrommet etter Språksekretariatet.

I forbindelse med nedleggelsen av Språksekretariatet hadde Ministerrådet også gjort et vedtak om en basisbevilgning for å opprettholde samarbeidet mellom språknemndene, og det ble gitt 1 million danske kroner per år i en forsøksperiode på i første omgang tre år. Organisasjonen skulle av den grunn ikke bygges opp med et fast sekretariat. Sekretariatsfunksjonen ble lagt til Svenska språknämnden, og dens daglige leder, Margareta Westman, ble Nordisk språkråds første leder. Planen var videre at sekretari-

atsfunksjonen og lederskapet skulle ambulere mellom Svenska språknämnden, Dansk Sprognævn og Norsk språkråd med en treårsperiode på hver dersom evalueringen av den første treårsperioden tilsa videre drift. Slik ble det, og i avviklingsåret er det Norge som har lederskapet, og Nordisk språkråd har nå en årsbevilgning fra Ministerrådet på ca 2 millioner kroner. I tillegg disponerer man en del midler fra andre kilder til forskning og konferanser.

Til tross for sin noe provisoriske karakter har Nordisk språkråd likevel klart å oppfylle de viktigste av de intensjonene språknemndene hadde da organisasjonen ble etablert. Nordisk språkråd har hittil, i tillegg til de årlige nordiske språkmøtene, arrangert og vært medarrangør av nærmere 30 seminarer og konferanser om emner innenfor leksikografi, terminologi, språkteknologi, språk i offentlig forvaltning, språkbruk i EU, nordisk språkforståelse, språk og kultur i Vest-Norden, nordisk språkhistorie og minoritetsspråk. Ved utgangen av fjoråret hadde Nordisk språkråd utgitt 28 bøker og konferanserapporter, herunder enkelte nye utgaver av titler fra Språksekretariatets tid. Faste årlige utgivelser er Språk i Norden, som er Nordisk språkråds årsskrift, og LexicoNordica, som utgis i samarbeid med Nordisk forening for leksikografi. Nordisk språkråd har deltatt i flere prosjekter, som initiativtaker, som administrator eller som samarbeidspartner. Det gjelder et forsøksprosjekt om etableringen av en nordisk termbank, en kartlegging av indirekte kostnader som følge av språklig kompliserte EU-blanketter, informasjonsutveksling om språkteknologi i Norden og etablering og drift av et nettsted om Vest-Nordens språk og kultur for lærere og elever. Spesielt må fremheves to store forskningsprosjekter: Moderne importord i Norden, som er et omfattende fellesnordisk prosjekt som avsluttes i 2004, under ledelse av professor Helge Sandøy, og en bredt anlagt undersøkelse av internordisk språkforståelse hos skoleelever, som nettopp er satt i gang. Begge prosjektene er i hovedsak finansiert av flere forskningsråd i Norden og Nordisk språkråd. Fra 1999 vil Nordisk språkråd med en årlig, øremerket ekstrabevilgning på 800 000 danske kroner ha gitt støtte til over 30 ordboksprosjekter for små språk i Norden. Nordisk språkråd har også sitt eget nettsted med variert informasjon og aktuelle lenker og har dessuten vært sekretariat for Nordisk forening for leksikografi.

Men den viktigste funksjonen for Nordisk språkråd har nok vært å opprettholde og videreutvikle samarbeidet og erfaringsutvekslingen mellom språknemndene i Norden. Og verdien av denne funksjonen lar seg ikke så lett kvantifisere eller dokumentere gjennom en opplisting. Mange av de oppgavene språknemndene har i sine respektive land, er av samme slag. I de siste årene har man blant annet blitt særlig opptatt av den flerspråkssituasjonen som følger med det store antallet ikke-nordiske minoritetsgrupper, og av språkpresset fra den raskt økende internasjonaliseringen og faren for domenetap. I forhold til slike nye utfordringer vil samarbeid og erfaringsutveksling knyttet til problem-

analyse, forskning og praktisketiltak styrke arbeidet i det enkelte land og innebære en rasjonell nordisk ressursutnyttelse. I den forbindelse er det også viktig å nevne at Nordisk språkråd fungerer som et fellesnordisk kontaktpunkt mot europeiske språkinstitusjoner, blant annet den nye EU-organisasjonen som er under dannelse: European Federation of National Institutes of Languages (EFNIL). Det viser ytterligere at samarbeid mellom språknemndene over nasjons- og språkgrensene blir viktigere. Det europeiske samarbeidet øker dessuten behovet for å ha et permanent og godt fungerende samarbeidsorgan for språknemndene i de nordiske landene, slik at våre felles interesser kan fremmes med større tyngde.

Det nordiske språksamarbeidet går tilbake til det skandinaviske språkmøtet i Stockholm i 1869. I mellomkrigstiden fikk interessen for nordisk språksamarbeid et nytt oppsving, og det ble holdt nordiske møter i 1937 og 1938. Fra 1954 har det vært holdt årlige nordiske språkmøter, og årets møte markerer altså femtiårsjubileet. Gjennom etableringen av Nordisk språksekretariat i 1978 fikk samarbeidet en fast organisatorisk ramme. Nordisk språkråd har ført tradisjonen videre på en god måte, og vi har forventninger om at Nordplus Språk vil gjøre det samme, men at arbeidet vil få bedre vilkår innenfor rammen av en permanent og større organisasjon. På denne bakgrunn er det derfor grunn til å vurdere nedleggelsen av Nordisk språkråd positivt, men det forhindrer ikke at organisasjonen fortjener takk for det den har fått til med beskjedne midler i sin korte funksjonstid.

---

# Dei Nynorske Festspela 25.–29. juni 2003

Einestående opningskonsert med Vestlandsfanden og Hellbillies i dobbeldans på to scener, urpremiere på stykke om festspeldiktaren Marie Takvam, Zemlinsky-kvintetten frå Wien, den kurdiske diktaren Rafik Sabir, tre filmar av festspelkunstnaren Margreth Olin, friluftsgudsteneste med preike av katolsk prest, lange sommarkveldar som endar i blåtur ut i lyse natta. Dette er nokre av dei over 50 programpostane på Dei Nynorske Festspela i Ørsta og Volda i år.

Aasen-tunet er hovudsete for Festspela, men det er fleire viktige nynorske heimar i desse traktene. Søndag kan ein bli med på rundtur til Riste, Vassbotn, Ekset, Aarflot og Hovden, gardar med rik nynorsk kulturhistorie i veggane. Og kven som får den prestisjetunge prisen «Årets nynorskbrukar 2003», får ingen vite før opningshøgtida onsdag 25. juni. Meir informasjon: www.aasentunet.no.

# Minoritetsspråk og minoritetsspråkbrukere i Norge

LARS ANDERS KULBRANDSTAD

Det kan forsvares å betrakte et flertall av befolkningen i Norge som tospråklige. Bortsett fra de eldste har alle hatt engelskundervisning på skolen, og det blir stadig bedre muligheter for å bruke språket i praksis. Resultatet er at den jevne nordmann i dag forstår engelsk hverdagsspråk uten altfor store vanskeligheter og selv kan gjøre seg forstått på språket.

Det er likevel ikke majoritetsbefolkningens relativt gode engelskferdigheter vi vanligvis sikter til når vi snakker om tospråklige personer. Vi tenker på mennesker som i sitt dagligliv bruker et minoritetsspråk i tillegg til samfunnets fellesspråk, norsk. Antallet slike tospråklige personer har vokst betydelig de siste tiårene. Men minoritetstospråklighet er et fenomen som har eksistert siden langt tilbake i tiden.

Her vil jeg gi en oversikt over hovedgrupper av minoritetsspråkbrukere i Norge og anslå hvor mange det er i de forskjellige gruppene. Jeg vil også gjøre rede for hvilke rettigheter de har, både når det gjelder minoritetsspråket og norsk. Til slutt kommer jeg inn på spørsmålet om det skal kreves ferdigheter i norsk for å oppnå statsborgerskap.

## Grupper av minoritetsspråkbrukere

Historisk, politisk og juridisk kan de som bruker minoritetsspråk i Norge, deles inn i det samiske urfolket, de andre nasjonale minoritetene og innvandrerne. De andre nasjonale minoritetene er mindretallsgrupper som har opprinnelig eller langvarig tilknytning til landet, men som ikke har urfolkstatus. Det gjelder jøder, kvener, rom (sigøynere), romanifolket (taterne / de reisende) og skogfinner. Språkene som disse minoritetene snakker, er for det første urfolksspråket samisk – med utgangspunkt i skriftnormalene eventuelt inndelt i nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk. De andre språkene er finsk / kvensk blant kvenene, norsk romani i romanifolket, romani (også kalt *romanes*) blant romene og jiddisk og moderne hebraisk blant jødene.

Innvandrerne tilhører mindretallsgrupper som er kommet til landet relativt nylig, og omfatter arbeidsinnvandrere, flyktninger, personer som har fått oppholdstillatelse på humanitært grunnlag, og asylsøkere. Dessuten regnes barna deres som innvandrere, og det samme er tilfellet med ektefeller og slektninger som er kommet i forbindelse med familiegjenforening. I innvandrergruppene snakkes det til sammen anslagsvis 150 ulike språk.

## Antall minoritetsspråkbrukere

Verken ved folketellinger eller annen liknende offentlig registrering av per-

soner i Norge blir det spurt om hvilket eller hvilke språk innbyggerne bruker i sitt dagligliv. Vi har heller ikke bredt anlagt forskning som kan gi oss direkte opplysninger om slike forhold. Derfor må oppgaver om antall minoritetsspråkbrukere i de fleste tilfeller baseres på skjønn og på anslag med utgangspunkt i kilder som primært dreier seg om noe annet.

Det er vanskeligst å anslå antallet brukere av samisk og dem som snakker språkene i de andre nasjonale minoritetsgruppene. For det første er det problematisk å bedømme hvor store befolkningsgruppene er, for vi mangler klare holdepunkter for å bestemme hvem som skal regnes som medlemmer av gruppene. Alle har det vi kan kalle kjernemedlemmer – dvs. personer som har de sentrale egenskaper som er relevante for medlemskap i gruppa – men det finnes også mange mer marginale medlemmer. Og selv om å beherske og bruke minoritetsspråket ofte er et sentralt kriterium for gruppemedlemskap, betrakter mange som ikke taler språket, seg selv som medlemmer av gruppa, og blir ansett som det av andre.

Det er enklere å anslå tallet på dem som snakker minoritetsspråk i innvandrergruppene, men også her er det atskillige usikkerhetsmomenter. Vi har statistikk over hvor mange innbyggere som selv er født i utlandet, eller som har foreldre som begge er det. Vi vet også hvor de eller foreldrene kommer fra, og vi har kjennskap til språkforholdene i de fleste landene. En del har byttet språk, slik at de ikke lenger er minoritetsspråkbrukere. Det store flertallet av første- og andregenerasjonsinnvandrere behersker og bruker minoritetsspråkene.

På denne bakgrunnen presenterer jeg overslag over antall brukere av minoritetsspråk knyttet til gruppene urfolk, andre nasjonale minoriteter og innvandrete minoriteter.

**Samisktalende i Norge**

Anslagene varierer mellom 10 000 og 20 000. De fleste snakker nordsamisk. De lulesamisktalende er anslått til ca. 500. Sørsamisk snakkes av noen hundre personer til sammen i Norge og Sverige.

**Brukere av minoritetsspråk knyttet til andre nasjonale minoriteter**

*a* *Finsk/kvensk*
Man antar at det finnes 10 000–15 000 som regner seg som etterkommere etter finske innvandrere til Finnmark og Troms i eldre tid. Det er anslått at ca. 2 000 bruker kvensk / finsk som dagligspråk

*b* *Norsk romani*
Tallet på personer som behersker norsk romani, varierer fra noen hundre til et par tusen.

c *Romani* (også kalt *romanes*)
Folkegruppa rom (sigøynere) teller 300–400 personer i Norge. Anslagsvis 90 % snakker gruppas opprinnelige språk.

*d* *Jiddisk og moderne hebraisk*
De mosaiske trossamfunnene i Norge har til sammen ca. 1 100 medlemmer. Blant dem er det trolig bare et fåtall eldre som snakker jiddisk. Noen hundre snakker moderne hebraisk.

**Brukere av minoritetsspråk blant innvandrete minoriteter**

Ifølge offisiell statistikk var det 1. januar 2001 ca. 297 700 personer i Norge som tilhørte det statistikerne kaller *innvandrerbefolkningen*. Den utgjorde da 6,6 % av hele befolkningen. I tillegg er det ca. 200 000 personer som har såkalt *annen innvandringsbakgrunn*, bl.a. ca. 150 000 personer som er født i Norge, og med én forelder som er født i utlandet. Også en del av dem bruker et minoritetsspråk. Til sammen bruker et sted mellom 300 000 og 350 000 personer bruker et språk som vi for korthets skyld kan kalle *innvandrerspråk*. De fleste snakker også norsk – i varierende grad alt etter bakgrunn og livssituasjon.

**De største innvandrerspråkene**

Statistisk sentralbyrås befolkningsstatistikk for 1. januar 2001 viser at mer enn 10 000 personer hadde sin bakgrunn i hvert av følgende land:

| | |
|---|---|
| Pakistan | 23 581 |
| Irak | 12 357 |
| Sverige | 23 010 |
| Iran | 11 016 |
| Danmark | 19 049 |
| Storbritannia | 10 925 |
| Vietnam | 15 880 |
| Tyrkia | 10 990 |
| Jugoslavia | 15 469 |
| Sri Lanka | 10 335 |
| Bosnia-Hercegovina | 12 944 |
| Somalia | 10 107 |

7 253 personer hadde sin bakgrunn i USA og 1 120 i Canada.

Det finnes altså over 20 000 panjabi-/urdutalende i Norge i dag og omtrent like mange svensktalende. Ca. 20 000 er dansktalende, og et liknende antall er engelsktalende. Ca. 15 000 snakker vietnamesisk, og det er trolig at gruppene av personer som snakker bosnisk-serbisk-kroatisk og albansk, er av noenlunde samme størrelse. Men statistikken for Jugoslavia skiller ikke mellom albansktalende fra Kosovo og serbisktalende fra Serbia. Tallene fra Irak sondrer ikke mellom kurdisktalende og arabisktalende, så det er vanskelig å anslå hvor mange som snakker disse språkene. Men vi kan relativt sikkert regne med at persisk, tyrkisk, tamil og somali snakkes av ca. 10 000 talere hver.

Pr. 1. september 2001 var det registrert i alt ca. 40 000 minoritetsspråklige elever i grunnskolen. Følgende språk var registrert med mer enn 1000 elever:

| | |
|---|---|
| Urdu | 4 788 |
| Albansk | 2 468 |
| Tyrkisk | 1 940 |
| Vietnamesisk | 2 779 |
| Somali | 2 220 |
| Bosnisk | 1 811 |
| Arabisk | 2 682 |
| Kurdisk | 2 050 |
| Tamil | 1 510 |
| Engelsk | 2471 |
| Spansk | 1 981 |
| Persisk | 1 057 |

**Minoritetsspråkbrukeres rettigheter**

*De som snakker samisk*

Samisktalende har avgjort de sterkeste rettighetene som minoritetsspråkbrukere. I Grunnloven § 110 a heter det:

«Det paaligger Statens Myndigheter at lægge Forholdene til Rette for at den samiske Folkegruppe kan sikre og udvikle sit Sprog, sin Kultur og sit Samfundsliv.» Ifølge sameloven er samisk et likeverdig språk med norsk, og kapittel 3 i loven sikrer samisk en spesiell status. Det gjelder først og fremst i det såkalte forvaltningsområdet for samisk språk, som omfatter kommunene Karasjok, Kautokeino, Nesseby, Porsanger, Tana og Kåfjord, men i visse sammenhenger også utenfor dette området. Retten til opplæring på samisk er ikke begrenset til disse kommunene.

I samiske distrikter har alle i grunnskolealder rett til opplæring i og på samisk. I kommuner utenfor slike områder har minst ti elever som ønsker opplæring i og på samisk, rett til slik opplæring så lenge det er minst seks elever igjen i gruppa. Det er utarbeidet en egen samisk versjon av Læreplan for den 10-årige grunnskolen L97. Samer i videregående skole har rett til opplæring i samisk.

Elever med samisk som førstespråk har rett til å få opplæring i et eget norskfag som kalles norsk for elever med samisk som førstespråk. De har likevel rett til å få opplæring etter læreplanen i faget norsk dersom de ønsker det.

*De som snakker andre nasjonale minoritetsspråk*

Norge har undertegnet Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter. Staten har forpliktet seg til å gi de nasjonale minoritetsgruppene vern mot diskriminering og mulighet til å bevare og utvikle sin egenart, språk og kultur. Det ligger imidlertid ingen direkte økonomiske forpliktelser i konvensjonen til å gi støtte til språkopplæring eller tilskudd til organisasjoner, men gruppene kan søke Kommunal- og regionaldepartementet om midler til slike og andre formål.

Kvenene har fått en spesiell stilling blant de nasjonale minoritetene, bl.a. på den måten at når minst tre elever med kvensk-finsk bakgrunn ved grunnskoler i Troms og Finnmark krever det, har de rett til opplæring i finsk. I videregående skole gir staten ekstra tilskudd til opplæring i finsk som andrespråk.

*De som snakker innvandrerspråk*

I opplæringsloven § 2–8 står det at departementet gir forskrifter om plikt for kommunene til å gi særlig opplæring for elever fra språklige minoriteter. Forskriftene har bestemmelser om morsmålsopplæring for minoritetselever i grunnskolen. Kommunen skal gi elever med annet morsmål enn norsk og samisk nødvendig morsmålsopplæring, tospråklig fagopplæring og særskilt norskopplæring til de har tilstrekkelige kunnskaper i norsk til å følge den vanlige opplæringen. Det er utarbeidet en egen læreplan for faget morsmål for språklige minoriteter.

Morsmålsundervisningen skal i hovedsak gi elever med begrensede norskkunnskaper den første lese- og skriveopplæringen på morsmålet, men planen gjelder for alle de sju årene på grunnskolens barnetrinn. Ut over dette kan morsmål gis som tilvalgsspråk på ungdomstrinnet. I tillegg kan elever få tospråklig fagun-

dervisning inntil de har tilstrekkelig utbytte av undervisningen på norsk. Ca. 45 % av elevene fra språklige minoriteter i grunnskolen fikk morsmålsundervisning og/eller tospråklig fagopplæring skoleåret 2001–2002.

I videregående skole har minoritetselever anledning til å avlegge privatisteksamen i morsmålet sitt. Det finnes også tilskuddsordninger som kan benyttes til morsmålsundervisning.

I norskopplæringen har grunnskoleelever med et annet morsmål enn norsk og samisk rett til opplæring i samsvar med læreplanen i norsk som andrespråk for språklige minoriteter til de har tilstrekkelige kunnskaper til å følge den vanlige opplæringen i skolen. Det er eleven og hans foresatte som i samråd med skolen avgjør hvilken læreplan eleven skal følge. Det kan også gis tilleggsopplæring i norsk for dem som undervises etter læreplanen for faget norsk. I skoleåret 2001/2002 fikk 80,5 % av elevene fra språklige minoriteter enten opplæring i norsk som andrespråk for språklige minoriteter eller tilleggsopplæring i norsk.

Også i videregående skole kan minoritetselevene velge å følge læreplanen i norsk som andrespråk for språklige minoriteter i stedet for læreplanen i faget norsk. Elever som følger den sistnevnte læreplanen, kan søke om fritak for vurdering i skriftlig sidemål.

Norskopplæringen for voksne innvandrere faller inn under lov om voksenopplæring. Retningslinjer for undervisningen står i Opplæringsplan i norsk med samfunnskunnskap for voksne innvandrere. Innvandrerne har i prinsippet rett til gratis opplæring inntil de når et visst ferdighetsnivå i norsk.

**Norskkunnskaper og statsborgerskap**

Det stilles ikke krav til norskkunnskaper for å oppnå norsk statsborgerskap. Spørsmålet om det bør innføres et slikt krav, er ofte framme i den offentlige debatten. I Norges offentlige utredninger (NOU): 2000: 32 Lov om erverv og tap av norsk statsborgerskap (statsborgerloven) blir temaet grundig drøftet. Konklusjonen fra et klart flertall i utvalget som stod for utredningen, er at man ikke vil foreslå noe språkkrav. Begrunnelsen er bl.a. at det ville være vanskelig å finne fram til ordninger for prøving av språkkunnskaper som ville virke rettferdig overfor alle de forskjellige grupper av personer som ønsker norsk statsborgerskap.

# "Bætsjeler", "bakelor" – eller B.A.?

## Om uttalen av nye norske gradsbetegnelser

ARNE TORP

SOM NOEN kanskje har lagt merke til, har det vært en del debatt om navnene på de nye gradene etter den store studiereformen som myndighetene ynder å kalle kvalitetsreformen, hva nå forleddet måtte innebære i dette tilfellet. Norsk språkråd behandla saken alt i 2000 og tilrådde da betegnelsene *kandidat* for lavere grad og *magister* for høyere grad. Begrunnelsen var at disse titlene passer inn i det norske språksystemet, samt at vi ville komme på linje med Sverige og Finland i tittelbruk. Dette tok imidlertid ikke departementet hensyn til og gikk i stedet inn for å ta i bruk de engelske betegnelsene *bachelor* og *master*. Ifølge Stortingsmelding nr. 27 2000–2001 vil disse termene «fremme forståelsen for den norske gradsstrukturen, oppbygningen av studiene og kandidatenes nivå. Videre vil det lette arbeidet med studentutveksling og norske arbeidssøkeres vilkår internasjonalt».

Sjøl har jeg hittil tatt dette relativt med ro, ettersom jeg uten videre har gått ut fra at disse betegnelsene, så vel som de tidligere latinske betegnelsene *cand.mag, cand.philol. cand.real*. osv. skulle kunne brukes i *forkorta* form; ingen har jo noen gang forlangt at vi skulle si eller skrive *candidatus/candidata magisterii* osv. Men med de nye betegnelsene skal dette bli annerledes: Om jeg har oppfatta saken riktig, skal det heretter ikke være lov å skrive eller si B.A. eller B.S. og M.A. eller M.S., slik man gjør både i den engelskspråklige verden og i visse andre land der man har overtatt disse betegnelsene. Disse forkortelsene kan for øvrig leses ut både på latin (B.A. = *baccalarius/baccalaria artium* B.S. = *baccalarius/baccalaria scientiarum*)og engelsk (*Bachelor of Arts / Bachelor of Science*); M.A. = *magister artium* eller *Master of Arts;* M.S. = *magister scientiarum* eller *Master of Science*). Jeg har vanka en del i det mest puristiske av alle nordiske språksamfunn, nemlig det islandske, og Háskóli Íslands – University of Iceland – har tildelt BA-graden i over tretti år, men aldri har jeg hørt en islending kalle den noe annet enn «bje-a» – aldri verken «bi-ei» eller «bætsjeler». Jeg har derfor gått ut fra at jeg som nordmann uten videre ville kunne kalle den lavere graden mitt universitet skal tilby innafor mitt fagfelt, for «be-a».

Men så enkelt er det altså ikke: Her i Norge har nemlig myndighetene bestemt at vi *må* skrive *bachelor* og *master*. I et oversendelsesbrev fra Undervisnings- og forskningsdepartementet datert 25. oktober 2002, som gjengir en kongelig resolusjon av 11. oktober, heter det bl.a.: «De nye gradene *bachelor, master* og *ph.d.* er, med visse unntak,

fastsatt som formell beskyttet betegnelse uten fagspesifikke tilleggsbetegnelser i tråd med departementets forslag i St. meld. nr. 27.» *Philosophiae doctor* kan altså pussig nok forkortes, men ikke de to første. «Pe-hå-de» får vi altså lov til å si (eller «pi-eitsj-di», viss man er veldig anglofil) – noe annet er vel i praksis utenkelig – for de færreste er vel klar over akkurat hva forkortelsen står for. Å si «be-a» får vi derimot ikke lov til, ifølge våre norske myndigheter.

Dermed blir spørsmålet om uttale presserende: Skal vi legge oss langflate for den engelske uttalen og si «bætsjeler»? Eller skal vi gjøre det myndighetene synes å oppfordre til ved å insistere på at orda skal skrives fullt ut, nemlig betrakte dem som *norske* gradsbetegnelser, som da vel bør bestå av ord som skal uttales i samsvar med *norske* uttaleregler? I så fall er det innlysende at uttalen «bætsjeler» ikke kan være aktuell.

Sjøl mener jeg det er grunn til å ta myndighetene på alvor når de nå har lansert *bachelor* og *master* som *norske* gradsbetegnelser. Av de to nye betegnelsene er det sjølsagt *bachelor* som er mest fremmedarta – først og fremst pga. *ch*, men også endestavelsen *-or* viser tydelig at vi har å gjøre med et fremmedord. Både ut fra etymologien (*baccalarius*) og ut fra vanlig samsvar mellom skrift og uttale i tilsvarende ord – f.eks. *masochist* – er det da naturlig å uttale *ch* som *k* i denne stillingen. Så har vi trykkplasseringa. Her vil jeg *ikke* ta utgangspunkt i et ord som *professor*, der trykket kan variere fra entall til flertall, men derimot i et ord som *matador*, der trykket ligger fast på den siste stavelsen i de fleste former av norsk, sjøl om østlendinger også kan ha trykket på den første stavelsen, jf. uttalen *bannan*.

Heretter kommer jeg altså til å bruke uttalen *bakelor* (jf. *matador*) når eller dersom jeg på død og liv må si denne tittelen fullt ut. Men i alle andre tilfeller har jeg tenkt å praktisere min beskjedne form for sivil ulydighet ved å kalle den lavere graden innafor mitt fagfelt for *B.A.* Som medansvarlig for å utdanne framtidige norsklærere og som medlem av Norsk språkråd ser jeg det som min plikt å gi dette lille bidraget til vern om norsk språk i tale og skrift. Jeg vil til og med være så frekk å oppfordre andre til å følge mitt eksempel.

# Dataprogram på nynorsk

Om ikkje lenge vil ein kunne få tekstbehandlingsprogram med nynorsk grensesnitt. Ein vil kunne velje mellom fleire program. Prosjektet Skulelinux har eit par år arbeidd med å omsetje kontorstøtteprogram for Linux til bokmål og nynorsk. Programma er gratis. I fjor vart det sett i gang arbeid med å omsetje OpenOffice (gratis kontorstøtteprogram for Windows og Linux) til bokmål og nynorsk. Og i november i fjor kunngjorde Microsoft at Office-pakken skal omsetjast til nynorsk.

Oversyn over nynorske dataprogram finn ein her: http://www.sprakrad.no/nynorskprogram.htm

# Språkmannen Herbjørn Sørebø

ANDREAS SKARTVEIT

**Herbjørn Sørebø** var den fremste nynorske mediemannen i sin generasjon. Ein ting her var kvaliteten på arbeidet hans, fornyinga av den politiske journalistikken. Ein annan ting var posisjonen, sjef for vårt viktigaste nyheitsmedium, Dagsrevyen. Ein tredje ting var det trygge munnlege og skriftlege språket. Nynorsken er, og har alltid vore, under press. Nynorskens soge er ei soge om sigrar og nederlag, mange av kvart slag. Under dette presset er det viktig å ha spelarar som blir lagt merke til, og som kan gå langt opp på banen og utfordre dei beste. Herbjørn Sørebø kunne det og gjorde det. Slik kom han til å spele ei rolle som føredøme for andre spelarar, som spela nærare eige mål, og som ikkje hadde hans styrke og evner. Eit språk under press treng slike einarar, som er trygge i språket sitt, som er på fagleg toppnivå, og som har noko å fortelje.

At han skulle bli ei slik stjerne i norsk munnleg journalistikk er ikkje til å forstå. Ein kan godt kalle det naturstridig, eit under. For det byrja ille. Reaksjonane ved debuten var enorme. Det var røysta folk reagerte mot, og så fekk ein del av dei tatt språket i same farta. Så mykje motvind blant lyttarane er det få, om nokon, som har møtt. Mykje var ufint, folkeskikken har eit komplisert fordelingsmønster. Men det la seg, og ved bortgangen var lovsongen unison. Og det var mannen, den karakteristiske røysta og det makelause språket å takke. Ja, slik kan det gå her i verda, som sambygdingen Jakob Sande seier i diktet om dei som kom ut i verda.

Eg trur Herbjørn Sørebøs språklege styrke kvilte på tre grunnsteinar. Den eine var kunnskapen. Han snakka ikkje til lyttarar og sjåarar utan at han visste kva han snakka om. Alle som har arbeidd med språk, veit at når kunnskapen sviktar, då sviktar også språket. Det er det fagfolk, om det no er bønder, røyrleggarar eller professorar, opplever når det dei steller med, blir presentert i media. Språket skeiner i hytt og ver, og det som blir sagt, er ubegripeleg og meiningslaust. Om ein har prøvt å snakke og skrive om ting som ein veit lite om, vil ein oppdage at språket glid unna, dei gode bileta kjem ikkje, abstraksjonane og klisjeane spreier seg, det blir daudt. Godt språk kviler på tung kunnskap. Dette er ei av dei viktigaste lovene i journalistikken. Sørebø levde opp til dette kravet.

Den andre grunnsteinen var den trygge og nynorsknære dialekten. Det var inga spenning å høyre mellom det nynorske talemålet og den dialekten han var fødd med. Elles er dette eit problem i norsk språk, enten vi talar om nynorsk, bokmål eller riksmål. Det fins dei som meiner vi har gyldige

norske talemålsnormalar. Det er ein illusjon. Og eit problem. Vi nordmenn har vant oss til situasjonen og lever med han i god tru. Utlendingar, spesielt skandinavar, høyrer det som går oss hus forbi. Nokre svenske vener, språkfolk, var med oss i Nationaltheatret, av alle stader, ein gong. Dette er eit underleg nasjonalteater, sa dei. Her var det åtte dialektar på scenen. Ja vel. Vi hadde ikkje fått det med oss. Sunnfjorddialektens nærleik til nynorsk gjorde at Sørebø var grunnleggjande trygg i sitt eige talemål. Det gjorde at han fekk med seg både normalen og det putrande livet som alle dialekter har, med puls, humor og ordskatt. Her var det inga magnetisk misvisning ute og gjekk, han kunne trygt segle etter sin barndoms magnetpiler. Det var kanskje også grunnen til at han ofte kom barndommen så nær i det han skreiv.

Den tredje grunnsteinen var lyrikken, poesien, og då tenkjer eg ikkje på hans eigne dikt, som var ujamne. For Sørebø var poesien ein rikdom i livet. Han las stendig poesi, og kunne lese utaboks store mengder klassisk nordisk poesi. Siste åra rulla han seg i nordisk poesi i fleire strålande fjernsynsprogram frå norsk og svensk 1900-tal, Nils Ferlin, Dan Anderson, Einar Skjæråsen og mange fleire. Har så dette noko med daglegspråket til ein journalist å gjere? Ja, eg trur det. Poesi er språkleg disiplin. Poesi er å slipe orda. Forfattarar veit det. Ein forfattar er ein som har tyngre for å skrive enn folk flest, er det sagt. Mi røynsle som forleggar seier at dette er sant. Dei gode slit, for dei er språket vanskeleg. For andre er det lettere. Ser vi på norsk journalistikk, vil vi finne livskraftig prosa etter Christian Krogh, Johan Borgen, Axel Kielland og andre skrivande folk. Rundt dei er det meste dødd bort. Den største reporteren i NRK gjennom tidene er etter mi meining Hartvig Kiran. Reportasjane hans frå flaumen i Nederland på 50-talet er geniale, også det som finst frå konvoiane under krigen. Dit opp når ingen. Men også han var poet, vår fremste omsetjar, som gjorde Evert Taube betre enn Evert Taube, og Shakespeare omtrent som geniet frå Stratford. Det handlar om språk, begge delar, om poesiens språksmitte mot reportasjeprosaen. Og då går vi fleire etasjar opp. Eg meiner det er her vi finn den tredje grunnsteinen for Sørebøs språkkunst og språkmakt. Poesien gav han eit kontrollerande ekkorom, kalibrering heiter det på fagspråket, der han til eikvar tid kunne kontrollere språket sitt og høyre når det klang falskt. Dei fleste av oss har ikkje noko slikt ekkorom. Det skulle vi gjerne hatt. Så er kanskje språkmannen Herbjørn Sørebø eit tilfeldig produkt av gåver, gener og geografi. Det får vere som det vil, brygget smaka godt.

# Framtiden i våre hender

SYLFEST LOMHEIM

*Framtiden i våre hender* har ein leiar som er oppteken av meir enn økologisk framtid. I Dagbladet den 17. februar i år hadde Steinar Lem ein kronikk der hovudpoenget ikkje var naturen, men språket. Steinar Lem melde seg rett og slett på i kampen for å verna det norske språket mot vestaver og austaver. 'Det er gode grunner til å kjempe mot amerikansk og svensk språkimperialisme, særlig når årsaken ligger i egen, kanskje selvforsterkende, underdanighet.' Språkfolka våre treng altså ikkje kjenna seg åleine, verken i debatten eller i kampen.

Og den faglege debatten om tilhøvet mellom engelsk og norsk har me naturlegvis hatt lenge, og han går sin gang. I det følgjande skal eg omtala den siste boka om emnet, som kom på slutten av 2002. Ho heiter *Rocka, hipt og snacksy. Om engelsk i norsk språk og samfunn.* Forfattarane er Stig Johansson og Anne-Line Graedler, begge tilsette ved Universitetet i Oslo, og boka har kome ut på Høyskoleforlaget i Kristiansand. Omfanget, 318 sider, fortel straks at dette ikkje er noka lettvinn trykksak. Boka leier lesaren gjennom fortid og samtid, ho er veldokumentert og velskriven fram gjennom alle ti kapitla, har ei fyldig litteraturliste og eit intelligent stikkordregister. Etter kvart kapittel er det ført opp 'Forslag til videre lesning', noko som berre strekar under at her er det tenkt på bruk og nytte. Den moderne klassikaren om lånord i norsk er naturlegvis nemnt fleire gonger – *Lånte fjører eller bunad. Om importord i norsk* (Cappelen, 2000) av Helge Sandøy. Derimot stussar eg over å ikkje finna nokon referanse til den ferskaste debattboka, *Kampen for språket,* som Samlaget gav ut i 2001. (Etter føreordet å døma avslutta Johansson og Graedler redaksjonen først i februar 2002.)

Kor som er; dette er ei bok som det er ein hugnad å lesa, sjølv om temaet ikkje berre er lysteleg, sett med norske språkauge. Johansson og Graedler tek til med forhistoria – dei gir eit omriss av den utrulege utviklinga til engelsk som språk. Frå å vera eit lite og perifert europeisk språk for tusen år sidan (mindre viktig enn norrønt!) utvikla det seg til å bli eit middels stort europeisk språk rundt 1800 før det endeleg rundt 2000 står som det suverent leiande språket globalt – i praksis utan konkurranse. Eit eventyr av ei språkhistorie! Langt ut på 1800-talet var både tysk og fransk større og viktigare språk. På 1500-talet var fransk eit tre gonger så stort språk som engelsk. Me moderne menneske har lett for å vera historisk nærsynte; me gløymer at det ikkje var før om lag 1900, altså berre

hundre år sidan, at engelsk definitivt passerte dei andre indoeuropeiske språka.

Særleg interessant for ein norsk lesar er gjennomgangen av lånord 'fra vikingtid til nåtid'. Med døme og opprekningar viser dei kor sterkt norrønt ein gong stod i høve til engelsk. Det gjeld ikkje berre at norrønt har gitt engelsk ord som *arm, hand, house, summer, thing, knife, sister, sin, sky* – men også *gospel* ('god spell' = god nyheit) og *heathen* (heidning; person frå heia). Kor mange veit i dag at vikingar frå Noreg på 1000-talet kunne snakka med folk ved hoffet i England utan å nytta tolk! Interessant er det òg, oversynet over lån frå engelsk til norsk på 1800-talet, då me fekk ord som *kloss* ('close', på kloss hold), *tørn* ('turn', ta en tørn), *dønn* (partisippforma 'done', dønn gåen), *kingsa* (frå 'change'), *klin* ('clean', klin galen), *tjommi* (av 'chummy' – kamerat). Materialet er ein god pedagogisk illustrasjon på at det meste er relativt, også lån av ord. Vanens makt er stor, og minnet er kort. Kven hugsar til dømes no at 'fjes' og 'kjeks' kjem frå 'face' og 'cakes'?

I bolken med lån frå andre språk til engelsk gjer forfattarane mønstergyldig merksam på at det 'ikke er uproblematisk å foreta en slik oppdeling, fordi mange ord har vandret fra det ene språket til det andre'. Forfattarane må i det heile få ros for ei nyansert og ryddig framstilling. Dei handterer ei mengd døme og detaljar, samstundes som hovudlinjene ligg tydelege frå første til siste side. Me får eit innblikk i kven det er i det norske samfunnet som er storforbrukarane av engelsk. Det er fjernsynet, som tilbyr 'Farmen', 'Big Brother' og 'reality-tv'. Det er filmdistributørane, som berre ender og då omset titlane til norsk. I 2001 skjedde faktisk dét at ein film med engelsk tittel fekk ny tittel – på engelsk! ('Miss Congeniality' vart omsett til 'Miss Undercover'.) Og norskproduserte filmar får engelske titlar, til dømes 'Rebels with a Cause'. Det er næringslivet, som snakkar om 'cashflow' og 'trainee' og 'break even'. Me får vita at store norske konsern rapporterer at 80 % av dei tilsette les engelsk dagleg i samband med jobben. Det er sporten, med 'halfpipe', 'playmaker', 'hanggliding' og 'sudden death', og det er reklamen, der statistikken fortel at volumet av engelsk språkbruk er dobla berre på tjue år. Reklamen går så langt at ein der tek inn heile setningar. Ei såpe har 'a difference you can feel', og ein nettbokhandel spreidde denne bodskapen: 'A gladmessage to all you readhorses'. Oppfinnsamt ordleikande uengelsk – men altså engelsk likevel.

Me får oversyn over kva som skjer med lånorda – korleis me uttaler og skriv dei, og korleis stundom etablerte ord får ny tyding etter påverknad frå engelsk, jamfør korleis mange bruker 'komfortabel' og 'kreditt' og 'konsept' i dag. Ferskt forskingsmateriale viser korleis mange yngre flettar inn heile uttrykk eller setningar frå engelsk når dei snakkar: 'Just in case', 'Ha det! I'll be back!', 'Du veit, it's a small world!' Og boka legg fram statistikk over haldningane våre. Nordmenn sør i landet godtek lettare engelske ord i talen enn nordmenn nord i landet, rekruttar godtek det lettare enn lærarstudentar, menn godtek det lettare

enn kvinner. Resultata overraskar knapt, men her får me i alle fall dokumentasjonen.

Eit sentralt punkt i boka er presentasjonen av engelskens noverande status og omtalen av dei 'tre brukskrinsane'. *Den indre krinsen* består av dei landa som har engelsk som morsmål. *Den ytre krinsen* er dei land og område der engelsk har ein formell status ved sida av eit lokalt språk og dermed ei sterk stilling i undervisning, forvaltning og media. India og eit femtital andre land er med i denne kategorien. Den tredje krinsen kallast *den ekspanderande krinsen*. Denne er i sterk vekst og femner stort sett om resten av verda. I den krinsen har ikkje engelsk nokon formell status, men er det dominerande framandspråket og blir brukt som kontaktspråk når menneske ikkje forstår kvarandres morsmål. Noreg har vore i denne krinsen sidan byrjinga av 1900-talet. Land som Spania og Italia, til dømes, har ikkje vore med i denne krinsen tidlegare, av di fransk var det førande framandspråket, men i det siste har engelsk vorte det første framandspråket også i desse landa.

Når store grupper på denne måten blir meir eller mindre tospråklege, kan me (som til dømes i Noreg) høyra om 'fancy klede', fjernsynsprogram som er 'eye-opener' og jenteblad som er 'glossy'. Den kalde statistikken fortel at 90 % av alle innlånte ord i norsk etter 1950 kjem frå engelsk. Fransk, som like til langt ut på 1900-talet var eit av verdas fremste språk (i status og bruk), er no på 2000-talet trengt attende. Franskmennene bur seg difor på ein kamp for å overleva – ein rein forsvarskamp – og søkjer alliansar med andre truga språk.

Johansson og Graedler bruker mykje plass på å visa at engelsk er eit blandingsspråk som har lånt ord og konstruksjonar i aust og vest, og som derigjennom truleg har fått sin styrke. Bastardar blir gjerne robuste og tilpassingsdyktige. Dessutan er det i dag ingen som 'eig' engelsk, det byggjer bruer mellom regionar og verdsdelar, det er ' the language on which the sun never sets, whose users never sleep'. Av den grunn finst det tendensar til oppsplitting, men samstundes blir desse tendensane motverka av aukande kontakt og globalisering. Verken oppsplitting eller harmonisering ser ut til å vinna, dei synest halda kvarandre i ein slags balanse, alt medan språket ekspanderer og ekspanderer.

Har så denne meldaren ikkje noka innvending? Eigentleg ikkje – snarare eit sakn. Sidan forfattarane først stiller så store og alvorlege spørsmål som dei gjer, kunne eg ha ønskt at dei nærma seg dei vanskelege svara. For dei dokumenterer og argumenterer seg fram til problemstillingar som skrik etter svar. På side 81 kjem det uunngåelege spørsmålet: 'Er det en fare for at norsk i Norge skal bli utslettet?' Dei lovar å koma tilbake til det, men den einaste drøftinga av spørsmålet kjem på side 275, og då ikkje i form av eigne meiningar, men i form av eit sju linjers sitat frå eit innlegg i Aftenposten. Det lengste forfattarane går i dramatikk når det gjeld posisjonen til engelsk i norsk næringsliv, er følgjande, på side 274: 'På sikt kan en slik utvikling føre til en funksjonsoppdeling mellom norsk og engelsk'. Eg ville faktisk ha sagt; det er dér me er i dag!

Drøftingar av mogelege utviklingar dei neste femti eller hundre år leitar altså lesaren fåfengt etter. Slikt skal visst fagfolk halda seg for gode til å skriva noko om. Den velskrivne boka til Johanssson og Graedler er framifrå som grunnbok i emnet engelsk språk i det norske samfunnet, men ho held seg unna tankar omkring det å styrkja norskens nære framtid. Boka held seg i fagleg ånd til det *deskriptive* ('kva skjer?'). Ho vik unna både det *preskriptive* ('kva bør skje?') og det *politiske* ('kva slags tiltak kan fungera'?). Steinar Lem får med andre ord lite å bita i.

For fakta er berre halve debatten. Essensen er og blir denne: Framtida er i våre hender – når me skriv. Og framtida er i våre munnar – når me snakkar. Det kollektive ansvaret og det kollektive medvitet avgjer om det norske skriftspråket er oppegåande om hundre år – det er ingen ting anna som avgjer norskens lagnad. Dersom etterkomarane våre blir flinke til å bruka og dyrka språket, vil norsk skriftspråk framleis ha eit godt liv om hundre år. Dersom dei blir like likeglade som mange synest vera i dag, drattar det fort nedover. Svært fort. Då er hundre år lang tid.

Mot ein slik bakgrunn kan me seia at Johansson og Graedler gjer boka si ei bjørneteneste ved å unnlata å gå inn i framtidsutsiktene. Endå me straks må leggja til at slike haldningar er utbreidde blant språkfolk. Overraskande mange morsmålsprofilar her i landet synest ikkje ta inn over seg at det blæs opp til storm i det globale språktreet. Gjennomgangstonen hos dei er: 'norsk er eit stort språk; det er ingen fare'. Dei er å likna med Chamberlain som utbasunerte: 'Peace in our time.'

Me veit no at Chamberlain hadde rett – på kort sikt.

---

# Språk på nett

**Nytt i Ivar Aasen-tunet**
Ivar Aasen-tunet har oppdatert nettstaden. Nytt stoff er mellom anna Nynorsk faktabok, Ivar Aasens liv og verk, Nettbiblioteket og informasjon om biblioteksamlingane og utstillingane. Frå før har nettstaden mellom anna oversyna Nynorsken i årstal og Merkedagar 2000–2005. Nettsstaden kjem til å bli utvida i tida som kjem.
Adresse: www.aasentunet.no.

**Geografiske og historiske namn**
Rett skrivemåte for geografiske og historiske namn finn ein i oppdaterte lister her: www.sprakrad.no/geografi.htm og www.sprakrad.no/historie.htm.

**no.fag.spraak.diverse**
I denne temagruppa kan ein diskutere og utveksle informasjon om norsk språk. Ein må stille inn nettlesaren slik at ein kan lese diskusjonsgrupper på Usenet, eller ein må bruke eit eige «nyheits»-program. Men ein kan også få tilgang til denne og andre grupper ved å klikke på «Grupper» når ein går inn på denne adressa: www.google.com.

**no fag.spraak.fagord**
Dette er eit forum for spørsmål og svar om norske fagord. Ein finn gruppa på den måten som er forklart ovanfor.

# Det var noko til bok

JOSTEIN STOKKELAND

GAMLELENSMANNEN i heimbygda mi nytta *Juridisk Ordliste* (bokmål–nynorsk) av jussprofessoren Nikolaus Gjelsvik. Nyelensmannen i heimbygda mi kjem sikkert til å nytta *Juridisk og administrativ ordliste* av høgsterettsdommar Karl Arne Utgård. Lensmannen vinn på å gjera det.

Då denne nye boka kom ut hausten 2002, var det ei viktig hending i soga om det norske rettsmålet. Gjelsvikboka kom i 1929 og var i si tid eit nybrotsverk i Norderlanda. All seinare rådgjeving i norsk lovmål byggjer i hovudsak på arbeidet til Gjelsvik. Me ser det såleis i rettleiingsheftet *Lovlig språk*, som Finn-Erik Vinje laga for Justisdepartementet (1990 og 1995), og i mange andre bøker og utgreiingar.

Etter som åra gjekk, vart det trong for meir ajourførde hjelpemiddel. Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo gav i 1975 ut *Juridisk ordliste* av Asgeir Olden, eit hefte som har vore godt å ta til for mange. Magne Rommetveit har hjelpt mange med ordbøkene *På godt norsk* og *Med andre ord*, som mellom anna inneheld mykje juridisk-administrativt stoff.

No er Utgård på sin måte ein nybrotsmann. Han kjenner samfunnet i dag og har valt ut ord og uttrykk som det er bruk for i saksførehaving, i rettsstellet og i mange andre samanhengar både offentleg og privat. Journalistar og omsetjarar er mellom dei som treng ei slik bok. Lat oss gå henne etter i saumane.

**Teknisk saumfaring**

Innleiingsdelen er enkel og instruktiv. Nøkkelen (bruksforklaringa) som står framme og bak, gjer sitt til at dette er ei lettbrukt og lettskjønleg bok. Sideoppsettet og dei typografiske verkemidla er tenlege. Den som set seg inn i det som står i innleiinga, lærer grunnlaget for korleis ein skal bruka ei slik liste. Det som står om EØS- og EU-språk, menneskerettskonvensjon og menneskerettsdomstol, er verdfull opplysning for mange.

Ein vanske i ordbøker som går til nynorsk, er å få fram på ein god måte korleis me brukar verb, aktiv seiemåte og mange adjektiv når utgangsspråket ofte har substantiv, passiv uttrykksmåte og upersonleg framstilling. Dersom ordboka berre fortel kva som formelt er i orden, kan resultatet bli eit slags bokmål med nynorskfarge på kanten. Av di skriftleg språkbruk er innlærd vane, greier mange ikkje å snu tankegangen og skriva annleis enn det dei er opptamde i. I ei nynorskavis las eg nyss at me må «utvise intellektuell openheit». Eg vil no helst *vera intellektuelt open*. Å gje rettleiing om god mål-

føring tek stor plass og er difor eit praktisk problem i ei ordbok.

Forfattaren av denne ordlista har valt ei tilvisingsløysing som eg har stor sans for. Dei viktigaste opplysningane om eit ord kan stå under verbet, og under substantivet viser han så til verbet. Ut frå det kan lesaren sjølv finna fram til det beste ordvalet eller den beste ordleggingsmåten. Eit døme på det: Når me slår opp på *undersøkelse*, blir me viste til verbet *undersøke*. Det sparar plass. Eit tilsvarande døme er *bestalling*. Den som slår opp på det, finn *bestallingsbrev* og så ei tilvising til verbet *bestalle*, som har ei enkel og god forklåring. Dette har lite med hestehald å gjera, berre så det er sagt.

## Litt småplukk

Forfattaren nyttar forkortinga *m.v.* Den rette skrivemåten er *mv.*, men aller best var det om heile denne avstyttinga var utestengd. Det er nok å velja i: *o.a.*, *o.l.*, *osb.* og fleire andre. *Med videre* er liksom merket på byråkratspråk. At *staten* skal ha liten s, ser ut til å vera gløymt, og *lovavdelinga* i Justisdepartementet skal ha liten førebokstav – slik som andre avdelingar i dette land. Kortformene av namn på lover skal etter reglane ha både nynorskform og bokmålsform. Eit døme på det er *ureiningslova*, som på bokmål har kortforma *forurensningsloven*.

## Saumfaring av innhaldet

Dette er altså ei ordbok frå bokmål til nynorsk, dessutan kan mange òg finna hjelp til å skriva betre bokmål. Men lat oss no snu tankegangen ein augneblink. Ovanfor har eg skrive at eg ville gå denne boka etter i saumane, og så har eg nytta *saumfaring* i to mellomoverskrifter. Kva heiter *saumfaring* på bokmål? Kanskje du med det eine dømet ser at me òg treng ei ordbok frå nynorsk til bokmål. Kvart språk har sine særkjenne, sine sterke og veike sider, og dei kjem godt fram i slike ordbøker mellom nærståande språk.

Noko av det beste og nyttigaste som lyser mot meg frå desse sidene, er den juridiske fagkunnskapen saman med røynsla frå det verkelege livet. Endeleg er det ein som evnar å hjelpa oss meir urøynde så me kan skilja mellom nærskylde omgrep og skjøna noko av korleis orda skal brukast. Artikkelen *anmeldelse* er skulegod på den måten. Det finst mange andre, t.d. *herlighet*. Der lærde eg nytt. Oppslagsordet *ansettelse* kan gje grunn for somme til å seia: «Aha. Dette er noko til bok.» Her står mykje av det som du sjølv ikkje heilt kjem på. Enkle forklåringar leier deg på trygg veg. Boka stadfestar at *overenskomst* kan vera heilt det same som *avtale*. *Forpliktelse* og *skyldnad* får enkel og god forklåring.

Ein attåtverknad (bokmål *bivirkning*) som forfattaren nok ikkje hadde tenkt seg, er at brukaren gjennom denne boka kan missa litt av den store respekten for det formelle bokmålet. Sjå her: «Selgeren skal levere vare med avtalt godhet.» Skal eg lita på det gode i seljarar? Vil den lærde dommaren ha meg opp i eit uføre? Du får slå opp på *godhet* og sjå, du godlyndte lesar.

Eit godt døme på framstillingsmåten i denne boka er oppslagsordet *ærverdig*. Der er det presis informasjon på få liner. I det heile har Utgård tenkt praktisk, så boka har stor nytteverdi, endå såpass lita ho er. Sjølv kunne eg

ha tenkt meg ei dobbelt så stor bok, minst. Men for mange brukarar kan det vera at dette vesle formatet alt i alt er det beste. Då er ho lett å ta til.

**Innvendingar**

Mi hovudinnvending er at forfattaren kunne ha rive seg endå tydelegare laus frå det bokmålske mønsteret. Eg ville ha vore strengare. Bokmålsopplærde folk heng fast i substantivet, medan nynorskingar brukar adjektiv så sant det let seg gjera. I innleiinga skriv Utgård at det er grunn til å «vise varsemd» med sin-genitiven, og det har han plent rett i. Men det var betre om han hadde hoppa over heile *varsemda* og skrive at me *må vera varsame*.

Tilsvarande er det berrsynt at passiven og den upersonlege skrivemåten herjar bokmålsfolket. Dei klarer i praksis ikkje å tenkja bort bruken av dei usamansette formene *skrives*, *sendes*, *hentes*, *betales* osb., og mange nynorskfolk er smitta av denne sjuken. Av innleiinga går det fram at Utgård fullt ut ser dette, og han åtvarar mot slik passiv. Kanskje det i tillegg skulle ha vore med ei lita åtvaring mot omskrivingar med *blir* (*vert*). Det har lett for å bli for mange av dei når folk omset mekanisk.

I omtalen av passivformer har Utgård gløymt å ta med at presens og imperativ aktiv er gode alternativ. Døme: I staden for «søknaden skal sendast» kan me skriva slik: «Send søknaden …» eller «Søknad sender du …»

Somme stader ynskjer eg at Utgård hadde vore meir gjelsviksk i tankegangen. Med det meiner eg meir djervt vågande og styrande (normerande). Sidan han truleg er den her i landet som kan mest om emnet, kunne han ha teke på seg å vera språkstyrar, litt meir diktator. At han kan tenkja seg *overeinskomst*, skjønar eg ikkje. Så langt eg kan sjå, er bokmål *overenskomst* eit jålut ord for *avtale*. I blandingsforma *overeinskomst* ligg det inga målreising eller nyskaping. Eg skulle ha ynskt at Utgård ikkje hadde teke med det ordet.

Artikkelen om (kongeleg) *høyhet* er ein god artikkel, men Utgård har vel ikkje vore klår over at Språkrådet har ei liste med nynorske avløysarnemningar («Titlar på norske kongelege», Språknytt nr. 2/1991). Dei nemningane skulle ha vore med her.

**Sluttord**

Denne boka er sjølve saksbehandlarboka for folk i stat og kommune og for dei mange andre som treng slik ordhjelp i samfunnet i dag. Eg ser fram til at Samlaget bed Utgård laga ei utgåve med fire gonger så mykje stoff. Og kanskje den dagen då kjem – som eit resultatet av det Utgård har gjort – at Noregs Høgsterett sjølv lyder lovene i landet og set også sitt nynorske namn ved inngangsdøra. Etter lov om målbruk i statstenesta skulle dei vel ha plikt til det.

Karl Arne Utgård:
*Juridisk og administrativ ordliste, bokmål–nynorsk.*
Det Norske Samlaget (Oslo, 2002)
109 sider. 248 kr

# Grøde frå språkteigen

TROND TROSTERUD

SYLFEST LOMHEIM har skrive boka *Språkteigen*, ei samling av bortimot 120 små skriftstykke om ulike sider ved språk, mykje av det samla frå radioprogrammet Språkteigen. Boka ber preg av den forteljargleda Lomheim tydelegvis er fylt av. I forordet gjer han merksam på at dette er skrive ikkje for fagfolk, men for lekfolk. Denne meldaren tilhøyrer dermed ikkje den primære målgruppa, men vi får la det stå til.

Mesteparten av boka handlar om etymologi, ordhistorie. Dette er eit fagfelt som får lite merksemd blant språkfolk i Noreg, men som folk flest er opptekne av. Eit godt døme på dette mishøvet er at då vi etter ca. 90 års venting fekk ei etymologisk ordbok på norsk, *Våre arveord*, av Harald Bjorvand og Fredrik Otto Lindemann (ei glimrande bok, forresten), verka den populærvitskaplege sjangeren så sterkt at forfattarane skreiv ei av verdas mest avanserte framstillingar av indoeuropeisk etymologi med lekfolk som målgruppe. Sylfest Lomheim er dermed i godt selskap når han legg så stor vekt på etymologi, og når han skriv om det for lekfolk heller enn for kollegaer.

No og då blir det likevel litt mykje av det gode. Streiftog i ei fransk etymologisk ordbok kan resultere i eit par underhaldande radiominutt, men som tekst i ei bok blir det vel stereotypt å lese alle streiftoga på ein gong, slik denne meldaren gjorde. Med pause i mellom kvart stykke går det nok betre.

Lomheim er skeptisk til datamaskiner, ei innstilling som for så vidt er betre enn naiv optimisme. Men fleire stader går det rett og slett for langt, og det er synd, for det norske språket ville ha godt av at nettopp lesarane av denne boka hadde sett med litt meir interesserte augo på den nye språkteknologien. Det er t.d. ikkje hald i påstanden om at dei norske bokstavane æ, ø, å «står for fall» i dataalderen. Dei norske bokstavane er tvert i mot med i teiknsettstandarden for vesteuropeisk, noko som inneber at dei lever eit trygt og godt liv i den digitale verda. Takk vere kinesisk og japansk er det faktisk tvert i mot: Alle kan no lese bokstavane i alle språk her på jorda, og snart får vi med egyptiske hieroglyfar, rongo-rongo, runealfabetet og det finskugriske fonetiske alfabetet. Lomheim spår ei trist framtid for *æøå*, men det er mogleg å sende e-post på skoltesamisk mellom dei store operativsystema (Windows, Mac og Linux). Språket har berre eit par hundre talarar i ryggen, men har fått eit par bokstavar som finst berre i dette språket, inn i det internasjonale standardteiknsettet. Så *æøå* står trygt, og vil halde fram med det.

Retteprogrammet kan ikkje slåst mot 'slost', seier Lomheim på s. 159, «fordi

ordforma finst i programmet». Og det er sant, viss vi held oss til ordretteprogram, men viss vi ser på grammatikkretteprogram, er det ikkje slik. I ei setning som Vi *kan sloss* gjev grammatikkretteprogrammet for bokmål for MS Office XP følgjande feilmelding: «Kontroller verbformen *sloss*. Dersom et verb styres av et modalt hjelpeverb *kan*, bør verbet stå i infinitiv.» Til Lomheim sitt forsvar kan ein seie at det er mogleg at akkurat denne artikkelen er gammal, og at han dermed ikkje har fått med seg denne nyvinninga (grammatikkretteprogrammet er presentert i Språknytt 3/2001, tilsvarande program for svensk er fleire år eldre). I ei bok gjeve ut i 2002 er Lomheim dermed med på å gje eit misvisande inntrykk av kva potensiale som ligg i språkteknologien. Oppsummeringa til Lomheim er sjølvsagt rett: At retteprogramma rettar berre ein liten del av feila våre, at datamaskinene ikkje forstår norsk, og at det største problemet er at folk stoler meir på dei raude strekane enn på seg sjølv.

Maskinomsetjing er nærare innpå Lomheims eige fagområde, og her ser han at maskinene er godt eigna til å omsetje visse teksttypar, som tekniske dokument med standardiserte fraser. Men også her er han for pessimistisk. Maskiner kan meir enn å reprodusere det som er lagt inn (s. 100), dei kan også kombinere det, på uendeleg mange måtar. På nettstader som http://decentius.hit.uib.no:8005/cl/cgp/test.html er det mogleg å analysere den grammatiske strukturen til norske setningar, og neste steg framover i dette arbeidet er å utstyre spesielt verba med semantisk informasjon, og dermed velje grammatisk sett usannsynlege analyser på grunn av slik semantisk informasjon som vi som menneske sjølvsagt har når vi les.

Finst det grenser for omsetjing, spør Lomheim, og dreg fram ordet *union* (s. 94 ff). Han fortel at då Utanriksdepartementet «på ein fullkomen sakleg og fagleg forsvarleg» måte ville bruke namnet *sammenslutning* var det umogleg i den «usaklege og innsiktslause (...) oppheta norske debatten». Her er meldaren part i saka. Den debatten Lomheim refererer til, er ein kronikk han skreiv i Dag og Tid 11. november 1992. Eg skreiv eit svar i Dag og Tid, svaret er tilgjengeleg på http://www.hum.uit.no/a/trond/lomheim.html. Poenget i tilsvaret er det same som det Lomheim sjølv slår fast på s. 212 i boka si: «Det er få ting i språkbruken som er så prosaiske som at ulike personar legg ulike valørar i ordbruken.» Heller enn å dra same diskusjonen ein gong til viser eg til artikkelen min frå 1992, men her misbrukar Lomheim den faglege autoriteten sin til politisk propaganda, i dag som i 1992.

Lomheim deler kåserisamlinga si opp i bolkar. Etter å ha gått gjennom nokre av dei vanlegaste spørsmåla han får frå folk, delar han inn i små, store, avklarande, aktuelle og uaktuelle spørsmål. Her, som så ofte når det gjeld forsking, gjeld det å sjå det store i det små og det aktuelle i det uaktuelle. Det klarar Lomheim på ein god måte, og nokre av perlene i boka finn eg nett blant dei små og uaktuelle spørsmåla. Alt i alt har Lomheim skrive ei bok som held det ho lovar: Ho formidlar forfattaren sin fascinasjon over språk

Til side 40

# Norsk språkpris til Frode Grytten

NORSK SPRÅKPRIS 2003 vart i februar gjeven til Frode Grytten for arbeidet hans som journalist og sakprosaforfattar. Prisen, som er på 50 000 kr, blir delt ut av Norsk språkråd for framifrå bruk av norsk språk i sakprosa. I grunngjevinga la Språkrådet særleg vekt på reportasjane og reiseskildringane til Frode Grytten og nemnde særskilt boka Dublin (Spartacus 2002):

«Vinnaren av Norsk språkpris for 2003 har skrive både sakprosa og skjønnlitteratur. Han har mange år bak seg som journalist i dagspressa, men er no forfattar på heiltid. Språkprisen blir gitt på grunnlag av arbeidet hans som journalist og sakprosaforfattar. På begge desse felta er prisvinnaren uvanleg breitt og fleirstemt orientert, både når det gjeld emne, sjangrar og skrivemåtar.

Han søkjer ikkje sensasjonen i tekstane sine, men har ei eiga evne til å lyfta fram einestående kvalitetar i det kvardagslege, og slik får han oss lesarar til å oppdaga nye dimensjonar både i verda kring oss og i våre eigne liv. Sakprosaen hans er sanseleg og formidlar kjensler. Dei lagnadene han presenterer, blir levande, og dei sakene han tek opp, blir interessante. Ulike tema blir knytte til lyst, glede eller melankoli, og dei kan spenna frå musikk, fotball, litteratur, dansefestar og bilkøyring til avfolking av distrikta og fattigdom i Russland. Forfattaren er alltid lojal overfor intervjuobjekt og emne, og tekstane hans viser at han kjenner seg forplikta til å få fram kjernen i stoffet. Ein finn han med og i det han skriv, ikkje over eller utanfor.

Forfattaren er aktiv innan fleire sjangrar, og han turnerer både reportasjen, intervjuet, essayet, artikkelen og reiseskildringa på ein framifrå måte. Juryen vil særleg peika på kvalitetar ved reportasjane og reiseskildringane hans.

I reportasjane viser prisvinnaren seg som ein forfattar med særleg god evne til å observera og framstilla emne av allmenn interesse på ein samfunnskritisk måte. Forfattaren kan vera kritisk overfor fenomen i samtida, men det han formidlar, er alltid prega av vørdnad for andres haldningar og liv. Vørdnaden røper seg i ein skrivemåte der det medvitne og analytiske er kombinert med det såre, romantiske, melankolske, humoristiske og poetiske.

Gjennom forfattarskapen viser prisvinnaren både respekt for og sterkt medvit om språk, både det nynorske skriftspråket og språkbruk generelt. I nynorsktekstane sine skriv forfattaren med få unntak innanfor ei vid nynorsknorm. Språket er brukt presist og råkande med ein personleg dåm. Dette kjem til dømes tydeleg fram i reiseskildringa Dublin frå 2002, som også er ein gaid for andre som vitjar

den irske hovudstaden. I denne boka er nynorsk brukt i jakta på puls, temperatur, stemning og folkesjel i ei skildring av folkeliv, drøs og drinkar i ein moderne storby.

Mykje av boka Dublin handlar om språk, om korleis irane tek «ordet på ordet» og, slik forfattaren uttrykkjer det, «dansar med talemåtar». Forfattarens eigen skrivemåte er også ei dansing og ein leik med tale- og skrivemåtar, med ordtak, boktitlar, populærkulturelle referansar og sitat frå bartenderar, tiggarar, kremmarar og folk flest. Forfattaren har på denne måten skapt ein uvanleg rik tekst, som appellerer til mange ulike lesargrupper, og som i likskap med andre delar av forfattarskapen må seiast å vera ei domeneerobring for nynorskens del.»

Stortingsrepresentant og medlem av kulturkomiteen, Magnar Lund Bergo, overrekte prisen under årsmøtet til Norsk språkråd i Ivar Aasen-tunet i Ørsta. Norsk språkpris blir gjeven annankvar gong for bokmål og annankvar gong for nynorsk. I år vart prisen gjeven for framifrå bruk av nynorsk i sakprosa. Frode Grytten har òg gjeve ut dikt og novellesamlingar. I 1999 fekk han Brageprisen for boka Bikubesong.

Prisen er tidlegare gjeven til Lars Roar Langslet (1992), Berge Furre (1993), Sissel Benneche Osvold (1994), Kåre Lunden (1995), Kari Gåsvatn (1996), Otto Hageberg (1997) og Guri Hjeltnes (1998), Ottar Grepstad (1999) og Arild Stubhaug (2001).

# Foreslår ny innkjøpsordning for sakprosa

Norsk kulturråd har foreslått at det etableres en ny, selektiv innkjøpsordning for essayistikk og verdifull sakprosa, med innkjøp av inntil 50 nye titler i året og en kostnadsramme på ca. 8 millioner kroner. Norsk språkråd har i brev til Kultur- og kirkedepartementet støttet forslaget. Språkrådet skriver blant annet:

«For Språkrådet er det avgjørende at en slik innkjøpsordning kan bidra til å styrke og videreutvikle norsk som bruksspråk i viktige sakprosasjangrer, både bokmål og nynorsk. I dag er det klare tendenser til at norsk svekkes i det som kan kalles «den akademiske praksis», og den foreslåtte ordningen vil være et positivt tiltak for å forebygge domenetap innenfor disse sektorene. Et slikt språkstyrkingsperspektiv, som Kulturdepartementet selv har betont i mange sammenhenger de siste årene, supplerer etter vårt syn de andre grunnene til å opprette en slik ordning, som er anført særlig fra bokbransje- og forfatterhold.

Ordningen vil ikke bare stimulere til fremragende bruk av skriftlig norsk i offentligheten mer allment. Den vil også, under gitte forutsetninger, kunne få en mer spesifikk positiv virkning for forfattere som skriver på norsk i grenselandet mellom forskning og allmenn debatt, det vil si forskningsformidlere, og kanskje også for forskere som ønsker å bruke norsk. Forskning og høyere utdanning er felter der det kan dokumenteres at norsk taper terreng. Vi er klar over at mer spesialiserte fagbøker på universitets- og høyskolenivå ikke er tenkt å omfattes av ordningen, men tror likevel at den indirekte kan stimulere bruk av norsk også her.»

*Når et ord er ført opp i denne spalten, betyr det bare at vi har registrert det. Det betyr ikke at Norsk språkråd går god for ordet. Dersom vi tilrår eller rår fra å bruke ordet, vil vi nevne det uttrykkelig. Nyordspalten redigeres av Svein Nestor.*

**avsamifisere** *Man føler at Nystø i sin nyttårstale avsamifiserer andre samiske områder.*
Sametingsrepresentant
Ann Mari Thomassen, Sagat 20.3.2003

**besserwissende** *Men det er selvsagt noe de muslimske kvinner må vurdere selv, og ikke noe besserwissende nordmenn skal forlange på deres vegne.*
Journalist Kjetil Kolsrud
i Aftenposten 29.1.2003

**blåmeisk** *Kjøttmeis som er vokst opp i riktig reir, bryr seg vanligvis ikke om blåmeisen, men etter å ha vokst opp i en blåmeisfamilie, begynner den til og med å kvitre på blåmeisk.*
Dagsavisen 1.3.2003

**bortvalg** *[Resolusjon] 1441 ble vedtatt enstemmig av sikkerhetsrådet, men i Fures lange artikler er den borte. Dette bortvalg er megetsigende for Fures besettende subjektivitet.*
Einar K. Steffenak
i Dagbladet 23.3.2003

**båtheis** *Den 35 meter høye båtheisen lyser opp landskapet som en futuristisk romstasjon. Men stedet er Falkirk, en liten by mellom Glasgow og Edinburgh i Skottland.*
Dagens næringsliv 14.–15.12.2002

**etnokrati** *Israel er ikke et demokrati. Det er et etnokrati, det vil si en stat som er basert på et program for en bestemt gruppe. Med et hegemoni for en bestemt etnisk gruppe ligger det en kime til noe som kan likne på et apartheidsystem.*
Direktør Nils Butenschøn ved
Institutt for menneskerettigheter
Dagbladet 27.8.2002

**kosebinne** *Kosebinne søker kosebamse.*
Innlegg i bekjentskapsspalten
«Noen som passer for meg»,
Dagbladet 14.1.2003

**langstrømpe** *Aldri har Pippi vært et fjernere idol for ungjenter. Samtidig våkner mødrene deres og blir feministiske langstrømper.*
Dagbladet 16.1.2003

*Langstrømpe* er dannet etter mønster av *rødstrømpe*, som betyr 'politisk radikal kvinne i den nyfeministiske bevegelsen'. Den opprinnelige betegnelsen var *blåstrømpe*, som betyr 'ukvinnelig og ensidig intellektuelt interessert kvinne'. *Blåstrømpe* er en oversettelse fra engelsk. *Langstrømpe* henspiller selvsagt også på Pippi Langstrømpe.

**språkreir** *Et språkreir er et barnehagetilbud for barn fra språklige minoriteter. Ideen kommer fra maoriene på New Zealand som bl.a. gjennom språkreir på kort tid har tatt sitt morsmål tilbake. Allerede fra første dag i språkreiret benyttes kun minoritetsspråket uansett om barna forstår det eller ei. Formålet er å få funksjonelt tospråklige barn og oppnå bevissthet om røtter og kultur.*
Den delvis kvenske avisen
Rujan Kaiku 4/2002

**tellematte** *Ved hjelp av nedgravde tellematter skal Den Norske Turistforening finne ut hvor mange som bruker de merkede stiene i Rondane.*
Aftenposten 6.7.2002



*Redaksjonen tar gjerne mot brev fra leserne. Det kan være kommentarer til artiklene og emner i bladet, interessante ord og uttrykk en har kommet over, nyord, språkspørsmål eller annet. Adressen er: Språknytt, Norsk språkråd, Postboks 8107 Dep, 0032 OSLO.*

**Spørsmål:** Hvor kommer forstavelsen *ola-* fra om tøy, og hva er egentlig «jeans»? Man sier jo *jeans* om olabukser på amerikansk, men det korrekte er vel *denim jeans* eller *denim jacket*, altså *dongeribukser* eller *dongerijakker*. Man sier jo ikke *jeans* om f.eks. linbukser. Er det *denim* eller *jeans* som er det beskrivende ordet for plagget?

**Svar:** Betegnelsen *olabukse* har en interessant historie.

Du kjenner sikkert uttrykket *Ola nordmann* – brukt om den typiske nordmannen, gjennomsnittsnordmannen. *Olasoldater* var en populær betegnelse på de norske soldatene i Tysklandsbrigaden like etter annen verdenskrig, og ordet blir fremdeles en del brukt om norske soldater som tjenestegjør i utlandet.

Ordet *olabukse* stammer fra tiden like etter annen verdenskrig og ble brukt om bukser som var laget av dongeri eller annet kraftig og slitesterkt stoff. I midten av 1980-årene fikk Språkrådet opplyst av Tor Wessel Kildal i firmaet Adelsten Kjølner AS at det var han som var opphavsmannen til ordet *olabukse*. Han fortalte at buksene først ble laget for gutter i 10–12-årsalderen, og at en håpet å gjøre dem populære ved å knytte navnet til den positive ola-betegnelsen.

Ifølge Store Norske leksikon var ordet *jeans* opprinnelig den amerikanske betegnelsen på (arbeids)bukser som ble laget av det litt grove bomullsstoffet *jean*. *Dongeri* og *denim* er også betegnelser på kraftige, røffe bomullsstoffer, men ordene kommer fra forskjellige språk.

*Jean* (amerikansk) er et ensfarget grovt og kraftig stoff, som opprinnelig var vevd av bomull, men som senere også kan være en blanding av bomull og kunstfiber. Jean ble iallfall tidligere vevd av ufarget garn og først farget etter vevingen.

Den språklige opprinnelsen til *denim* er fransk «de Nîmes», som betyr «fra (byen) Nîmes». Denim er det samme som *dongeri*, og er altså et kraftig bomullsstoff.

Ordet *dongeri* har vi fått fra engelsk *dungaree*, som stammer fra språket hindi. *Dongeri* er oppkalt etter stedet i India der stoffet først ble vevd, ifølge leksikonet «fra først av brukt til seil og til klær for fattigfolk». Til forskjell fra jean-stoffet blir denim / dongeri vevd av farget garn.

Ut fra dette er det forståelig at man ikke omtaler linbukser som *jeans* – de er jo laget av lin.

Jeg synes at vi på norsk kan fortsette å bruke betegnelsen *olabukse* – eventuelt *dongeribukse* og *dongerijakke*, og også *dongeriskjørt*. Å bruke *denim* om selve plaggene blir galt siden det bare er navnet på stoffet plaggene er sydd av.

**Spørsmål:** Jeg ser at dere anbefaler å bruke preposisjonen *på* i forbindelse med *Island*, men islendingene selv bruker vel *i*? Bør vi ikke bruke den formen som landets innbyggere har tradisjon for?

**Svar:** Den tradisjonelle ordleggingsmåten på islandsk er *á Íslandi*, som svarer direkte til *på Island* (norsk *på* er utviklet av *upp á*).

Så vidt vi kjenner til, brukes også *í Íslandi* en del på islandsk, men dette er ikke anbefalt. Også når islendinger snakker dansk eller norsk, bruker de nok ofte *í Ísland*.

For øvrig er det ikke preposisjonsvalget i andre språk, her islandsk, som avgjør hva som er riktig på norsk.

Frå side 14 … *Rekordstor …*

mange gode forslag til erstatninger for de engelske ordene. Om vinnerteksten til Øystein Havre Sandnes fra Bergen sier juryen blant annet: «[…] samtidig er oversettelsen oppfinnsom, han demonstrerer hvordan norsk i sin alminnelighet og nynorsk i særdeleshet fungerer som et moderne og fleksibelt språk som kan gjengi stemningen i den fremtidige klubben hvor folk drikker «blått isvatn» og «gul saft» og svinger seg på «dansebretta» til musikken fra «el-pianoa.» Juryen avslutter vurderingen med å si «at Øyvinds tekst best kombinerte kravet til en korrekt oversettelse med oppfinnsomhet og sans for språkets rytme og egenart.» De to andre premierte tekstene var skrevet av Ulrikke Aarseth fra Tønsberg og Petter Hannevold fra Hamar. Originalteksten, de tre elevtekstene og juryens vurdering ligger på nettsiden til tekstaksjonen, http:// www.txt.no/norvengelsk/vinner_kaos.htm.

Frå side 35 … *Grøde frå …*

og grammatikk på ein måte som dreg lesaren med. Av og til er i alle fall denne meldaren svært usamd, av og til blir det litt mykje oppattaking, men botemidlet til det siste er å lese boka i passelege dosar om gongen.


## Trykksaker frå Språkrådet

...... eks. Norsk – i nye tusen år? 20 s. Gratis. (Klassesett à 30 eks. Kr 120)

...... eks. Kjønn, språk, likestilling. 20 s. Gratis. (Klassesett gratis)

...... eks. Lov om målbruk i offentleg teneste. Reglar, praktiske råd, eksempel, hjelpemiddel. Innlegg til tidsplanleggjar / faldar. 10 s. Gratis.

...... eks. Derfor trenger vi språkteknologi på norsk. 8 s. Gratis.

...... eks. Purisme på norsk? Norsk språkråds skrifter nr. 4. 72 s. Kr 50.

...... eks. Ordtilfanget i nynorsk – synsmåtar og røynsler. Norsk språkråds skrifter nr. 5. 114 s. Kr 50.

...... eks. Godt språk i lærebøker. Norsk språkråds skrifter nr. 6. 238 s. Kr 225. (Nyttig for alle som skriv norsk.)

...... eks. Ordbok for fysikk og kjemi til skolebruk. Norsk språkråds skrifter nr. 7. 154 s. Kr 195.

...... eks. Språknytt nr. 1, 1996. Temanummer om Ivar Aasen. Gratis. (Klassesett à 30 eks. Kr 90)

...... eks. Språknytt nr. 1–2, 2001. Temanummer om sidemål. Gratis.

Namn: ..........................................................................................................

Adresse: ..........................................................................................................

Postnummer og -stad: ..........................................................................................

*Trykksaker som ikkje er gratis, blir sende med faktura.*

## FORFATTERNE

**Jan Olav Fretland** er nestleder i Norsk språkråd og arbeider som førsteamanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

**Ola Haugen** er leder i Norsk språkråd og arbeider som forlagsdirektør

**Olle Josephson** har siden år 2000 vært leder av Svenska språknämnden og var tidligere dosent i svensk ved Stockholms universitet

**Lars Anders Kulbrandstad** er førsteamanuensis i norsk ved Høgskolen i Hedmark

**Vigleik Leira** er tidligere rådgiver i Norsk språkråd

**Sylfest Lomheim** er førsteamanuensis i norsk ved Høgskolen i Agder

**Eilov Runnestø** er førstekonsulent i Norsk språkråd

**Jostein Stokkeland** er rådgiver i Norsk språkråd

**Arne Torp** er førsteamanuensis ved Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo

**Trond Trosterud** er cand.philol. med lingvistikk hovedfag og arbeider ved Universitetet i Tromsø med samisk språkteknologi

*Omslagsbilde:*
*Detalj fra et språkrom i Ivar Aasen-tunet.*
*Foto: Jon Grepstad*

## INTERNETT

Tekstene i dette nummeret fins også på Internett:
http://www.sprakrad.no

**NORSK SPRÅKRÅD**
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO
**Telefon**: 24 14 03 50
**Telefaks**: 24 14 03 51
**Redaktører**:
Helge Sandøy og
Kjell Ivar Vannebo

**Redaksjonssekretær**:
Svein Nestor
E-post: nestor@sprakrad.no
Opplag: 25 500
Fire nummer i året
Redaksjonen avslutta 20.5.2003
**Form**: NIGARD ANS, Venabygd
**Trykk**: PDC Tangen 2003

Signerte artikler står for forfatterens syn.
Redaksjonen forbeholder seg rett til å publisere innsendte artikler på Internett.

ISSN 0333-3825

B-BLAD

Returadresse:
NORSK SPRÅKRÅD
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

ISSN 0333-3825